




**Masfjorden
kommune**

**Årsmelding
2020**





Året 2020 har vore dominert av pandemien som har gått, og som framleis går over heile verda. For å sikre oss best mogeleg mot smittespreiing av viruset, har alle tilsette i kommunen vore i beredskap på ulikt vis, og mange har også måtta endra på både arbeidsvanar og rutinar. **Ein stor takk til alle tilsette som har gjort ein framifrå innsats!**

Året har vist at det framleis er samhold, solidaritet og tillit i befolkninga vår, og dette kan me vera stolte av her i Masfjorden også! Innbyggjarane våre i alle aldrar har vore flinke og har respektert dei omfattande tiltaka som vart iverksett for å hindre smittespreiing. Tiltaka har verka.

Spesielt dei **tilsette i helsevesenet, på skulane og i barnehagane** våre har gjort ein framifrå god innsats i 2020 i samband med epidemien. Dei har hatt eit ekstra stort ansvar og press på seg i lengre tid. Heldigvis har me berre hatt få og svært avgrensa koronautbrot i Masfjorden, det har gjort jobben litt enklare for oss enn kva mange andre kommunar har hatt. Det er me glade for.

17. mai feiringa i 2020 var annleis enn alle feiringane me har hatt tidlegare år. 17 maitalen vart strøyma og mykje av feiringa skjedde på digitale plattformer. Ein eigen lokalt produsert film i frå Masfjorden vart og

produsert.

I 2020 har likevel Masfjorden kommune vore i god utvikling på mange område. **Fensfjordbygget** vart bygd ferdig og teke i bruk sommaren 2020. I dette bygget har fleire kommunale og offentlege tenester flytta inn, og desse tenestene har no fått gode og framtidretta lokale for å driva og utvikla seg vidare til beste for innbyggjarane våre!

Dei nye **omsorgsbustadane på Hosteland** vart nesten bygd ferdig, og desse vert innflyttingsklare før årsmeldinga går i trykken! Her har mange gode dyktige fagfolk i lag med kommunen sine folk gjort ein kjempejobb for å gjera bygget ferdig i eit utfordrande år. All ære til dei som stod på!

Fylkesveg 570 frå Einestrånd til Elvik vart utbetra på mange stadar i fjor, og vegen har i løpet av året vorte både trygare og meir framkommeleg. Her har vegfolka i Vestland fylkeskommune i samarbeid med entreprenør og andre gjort ein kjempejobb.

Vidare har me fått omregulert næringsområdet på Matre, med håp om at me kan få på plass fleire arbeidsplassar og innbyggjarar i denne delen av kommunen.

På vegne av kommunestyret vil eg takka alle dei som gjer Masfjorden kommune til ein flott stad å bu!

Karsten Totland
ordførar

Årsmelding og rekneskap for Masfjorden kommune 2020 vert med dette lagt fram til politisk handsaming. Årsmeldinga ser ein på som ein viktig del av den informasjon kommunen skal gje til innbyggjarane og vonar årsmeldinga gjev nyttig og heilskapleg informasjon om kommunen vår.

Den store utfordringa i 2020 var koronapandemien. Nedstenging og strenge nasjonale føringar og tiltak frå 12.mars måtte få stort fokus, med løpande lokale tilpassing og justering av tenestetilbod fortløpande. Dette er tema me har ein del fokus på i årsmeldinga i år. Me er budde på at pandemien vil ta tid, og at det vil føre til stor slitasje og press på dei tilsette.

Digitalisering har vore ei satsing i felles IKT Nordhordland. Denne satsinga gav gode resultat i 2020 med m.a. endra møtstruktur, frå fysisk til mykje digitale møte, NAV-teneste på nett mm.

Driftsrekneskapen for Masfjorden kommune 2020 kom ut med eit lite rekneskapsmessig overskot, knappe 300.000 kr, og eit positivt netto driftsresultat på litt over 12,1 mill.kr., som utgjer 4,7% av driftsinntektene.

Målet om å nå tilrådd nasjonalt nivå netto driftsresultat på 1,75% er dermed klart med god margin.

Med tanke på kraftig nedgang i verdien av konsesjonskraft – ein nedgang på over 15 mill.kr. i høve 2019 og koronapandemien med store driftsmessige utfordringar, må ein seia seg godt nøgd med resultatet.

Investeringane 2020 vart på eit historisk høgt nivå. Samla investeringar kom opp i nesten 100 mill.kr., der dei to store investeringane var omsorgsbustadar/dagsenter på Hosteland, og kjøp av areal i Fensfjordbygg.

Lånegjelda auka med over 63 mill.kr., og utgjer no 147,5 mill.kr.

Sjølv om det økonomiske resultatet pr. 31.12.2020 vart bra, har året vore prega av veldig stor økonomisk usikkerheit. I mars/april opplevde me m.a. stor nedgang i finansplasseringane. Kraftprisen gjekk kraftig ned med stor nedgang på inntektssida for konsesjonskraft i høve 2019, og enda pr. 31.12.20 opp med eit tap og ein nedgang på over 15 mill.kr. i høve resultat 2019. Stram kommuneøkonomi/likviditet kombinert med historisk høgt investeringsnivå utan byggelån mm., medførte at me måtte gjennomføre hasteopptak av store lån april 2020 for å ha tilstrekkeleg driftslikviditet. Heldigvis opplevde me gradvis betring av økonomien resten av året – i form av tildeling av ekstra statstilskot og skjønsmidlar, tilføring av havbruksfondsmidlar med 6,2 mill.kr., som ikkje



var budsjettert, finans frå minus til solid pluss berre siste kvartal 2020, i tillegg til statleg hjelp i form av redusert arbeidsgjevaravgift ein termin, moderat/lågt lønsoppgjer og lågare pensjonskostnader enn budsjettert, er i sum viktige årsaker til at ein kjem ut med pluss ved årets slutt.

Masfjordsambandet og folketalsauke er dei to viktigaste måla som er sett ned gjennom kommuneplanen. I 2020 har det skjedd lite nytt for realisering av Masfjordsambandet, samt at folketallet har gått litt ned.

Kommunen er aktiv med medverknad/tilrettelegging av nye bustadfelt for å få auke i folketallet. Dette er både utfordrande og krevjande. Kommunen prøver å medverka til å få realisert dette m.a. gjennom kommunal delfinansiert utbygging for ein del av desse satsingane. Det er oppretta eige fond for bustadrealisering, som pr. utgangen av 2020 var på 6,6 mill.kr.

Utfordringa framover vert å gjere tilpassingar/strukturendringar på driftsnivå slik at ein maktar å oppretthalde god totaløkonomi pga. kraftig auke i lånegjelda i 2020.

Mykje og god innsats vert lagt ned kvar einaste dag i Masfjorden kommune. I 2020 har det vore ekstra krevjande for alle med koronapandemien. Det er den jamne innsatsen frå den einstilte tilsette, som driv kommunen framover og som er ein sentral faktor for at innbyggjarane i Masfjorden skal kunne trivast og ha det godt.

Svein Helge Hoflundengen
rådmann


Driftsrekneskapen

Masfjorden kommune sin rekneskap for 2020 syner eit netto driftsresultat på 12,1 mill., og utgjer 4,7 % av driftsinntektene i året. Etter årsavslutningsdisposisjonar syner rekneskapen eit mindreforbruk på 0,3 mill., som er avsett til disposisjonsfond.

Driftsinntektene i 2020 er på 256,2 mill., ein reduksjon på 1,0 mill. (-0,4 %) frå 2019. Driftsutgiftene minka i same periode med 10,0 mill. (-3,9 %), til 247,3 mill. Kommunen sitt brutto driftsresultat i 2020 er følgjeleg eit overskot på 8,9 mill. Når vi legg til renter og avdrag, utbytteinntekter og resultat frå kortsiktige finansplasseringar, samt reverserer den rekneskapsmessege effekten av avskrivningane, syner rekneskapen eit netto driftsresultat på 12,1 mill. (4,7 %).

Etter årsavslutningsdisposisjonar i form av overføring til investeringsrekneskapen (11,8 mill.), netto avsetning til bundne driftsfond (0,9 mill.) og netto bruk av frie fond (0,9 mill.), samla fondsføringar i 2020, syner Masfjorden kommune sin driftsrekneskap eit rekneskapsmessege mindreforbruk på 0,3 mill. I tråd med økonomiforskrifta er mindreforbruket gjennom året avsett til disposisjonsfond.

Året 2020 blei eit spesielt år. Aktiviteten etter 12.mars 2020 har vore prega av både nasjonale og regionale tiltak. Masfjorden har gjennom året fått 2,4 mill. i koronamidlar og 0,7 mill. i vedlikehaldstilskot. Utsett overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen (RNB 2020) gav 0,4 mill. i ekstra rammetilskot. Tilføring av havbruksfondsmidlar med 6,2 mill.kr., som ikkje var innarbeidd i opphavleg budsjett. Finans gjekk frå minus til solid pluss berre siste kvartal 2020. Alt dette er forhold på inntektssida som gjer at ein kjem ut med ein bra netto driftsresultat, der store delar av resultatet er nytta til finansiering av 2020 -nvesteringane.




Tal i 1000

Økonomisk oversikt drift (tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrift §5-4	Rekneskap 2020	Justert budsjett 2020	Opph. budsjett 2020
Rammetilskot	-82 693	-81 978	-79 524
Inntekts- og formueskatt	-45 913	-45 770	-47 866
Eigedomsskatt	-25 633	-25 642	-21 000
Andre generelle skatteinntekter	-14 739	-13 832	-13 500
Andre overføringar og tilskot frå staten	-9 447	-9 279	-3 004
Overføringar og tilskot frå andre	-54 214	-40 167	-39 882
Brukarbetalingar	-11 699	-11 824	-12 689
Sals- og leigeinntekter	-11 911	-9 735	-17 135
Sum driftsinntekter	-256 250	-238 227	-234 600
Lønsutgifter	133 182	128 056	128 504
Sosiale utgifter	28 608	29 865	30 697
Kjøp av varer og tenester	55 111	54 335	48 453
Overføringar og tilskot til andre	22 577	18 538	17 196
Avskrivningar	7 867	7 650	7 650
Sum driftsutgifter	247 345	238 444	232 499
Brutto driftsresultat	-8 905	217	-2 100
Renteinntekter	-629	-670	-670
Utbytte	-676	-600	-600
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	-2 019	0	0
Renteutgifter	1 729	2 100	1 808
Avdrag på lån	6 265	7 000	6 382
Netto finansutgifter	4 670	7 830	6 919
Motpost avskrivningar	-7 867	-7 650	-7 650
Netto driftsresultat	-12 102	398	-2 830
Overført til investeringsrekneskapen	11 828	12 486	0
Netto avsettingar til eller bruk av bunde driftsfond	893	-910	0
Netto avsettingar til eller bruk av disposisjonsfond	-620	-11 974	2 830
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	12 102	-398	2 830
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0

Kraftinntekter

Masfjorden kommune hadde om lag 35,6 mill. i kraftrelaterte inntekter i 2020 (ned frå 47,3 mill. i 2019), noko som utgjør om lag 13,9 % av kommunen sine samla driftsinntekter. Ein har tidlegare år vore oppe i om lag 25 % av dei samla inntektene som var knytt til kraftproduksjonen i kommunen. Nedgangen i 2020 skuldast svært låg kraftpris gjennom året, som slo kraftig ut på konsesjonskraft då ein låg i spot med krafta.



Konsesjonsavgift		3 171 069
Naturressursskatt	11 530 541	
Trekk inntektutjamning	-3 143 000	8 387 541
Konsesjonskraft		- 1 182 026
Eidegdomsskatt kraftverk og nett		24 650 512
Utbytte		621 486
Sum kraftinntekter 2020		35 648 582

Konsesjonsavgift

Ved kraftutbygging vert regulator pålagt å innbetale ei avgift (konsesjonsavgift) til kommunen, som Kongen bestemmer. Regulator kan og verte pålagt å opprette eit fond i dei ein skilde kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjør det som ein kallar for Kraftfondet. Kraftfondet har ein fondskapital på ein million kroner innbetalt av BKK i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget. Fondet vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964. I medhald til punkt to i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga, i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980. Fondet vert årleg tilført avgift, som i 2020 utgjorde omlag 3,2 mill.kr. Det er eige budsjett og eige styre for handsaming av søknader knytt til disponering av fondsmidlane.

Eidegdomsskatt

Eidegdomsskatt er ein viktig skatt for Masfjorden kommune, og utgjorde 24,6 mill. i 2020. Tidlegare var eidegdomsskatten utskreven for verk og bruk, men endring i eidegdomsskattelova gjeldande frå 2019 fjerna utskrivingsalternativet verk og bruk. Dette medførte at kommunen måtte føreta endring i utskreven eidegdomsskatt for (2019 og) 2020 og landa på alternativet eidegdomsskatt på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eidegdomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eidegdomsskatt i skatteåret 2020 er 7 promille.

Naturressursskatt

Naturressursskatten er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjør 1,3øre/KWh, der 1,1 øre går til kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten vert utjamna i kommunen sitt inntektssystem, og snitt for kommunane er at ein beheld om lag halvparten av denne skatten. Naturressursskatten utgjorde brutto for 2020 kr. 11,5 mill., noko som er ein liten nedgang i høve 2019. Kommunen får eit trekk i netto inntektsutjamning med om lag 3,1 mill. kr. Kommunen sitt att med netto 8,4 mill. i 2020.

Konsesjonskraft

Etter gjeldande lover skal inntil 10 % av høvesvis gjennomsnittleg kraftmengde (ved ervervs konsesjonar) eller kraftauke (ved regulerings konsesjonar) avståast til dei kommunar eller fylkeskommunar der kraftanlegga ligg. Avståing og fordeling av konsesjonskraft vert avgjort av vedkommande departement med grunnlag i kommunen sitt behov til den alminnelege elektrisitetsforsyning. Samla konsesjonskraftvolum utgjør 68,9 GWh i Masfjorden. Det kommunen, ut i frå alminneleg forsyning, ikkje tek ut, går til fylkeskommunen. I 2020 tok vi ut konsesjonskraft tilsvarande 53,3 GWh av den tildelte konsesjonskrafta på 68,9GWh. Volumet utover det kommunen tek ut går til Vestland fylkeskommune. Konsesjonskrafta for 2020 har vore basert på spottpris straum – og historisk låge straumpriisar gjennom store delar av året gav eit samla tap på 1,2 mill.kr. i 2020.



Utbytteinntekt

Masfjorden kommune er ein stor vertskommune for kraftutbygging, men er ein liten eigar. Kommunen har eigardel på 0,1% i BKK AS som i 2020 gav eit utbytte på 0,6 mill.

Driftsutgifter

Kommunen sine driftsutgifter gjennom 2020 er på 247,3 mill. inklusiv kapitalelement i form av avskrivningar. Korrigert for kapitalutgifter er driftsutgiftene på 239,5 mill. Løn- og sosiale utgifter utgjør hovudtyngda av driftsutgiftene (68 %). Kommunalt konsum av varer og tenester står for 23 % og resten er overføringar.

Samla endring i høve til 2019 innanfor løn og sosiale utgifter var i rekneskapsåret på -1,6 %. Året 2020 blei året med den lågaste lønnsveksten på svært lenge. Lågt lønsoppgjer med forsinka iverksetting og redusert arbeidsgjevaravgift med 4 % for delar av året, forklarar eit mindreforbruk knytt til sosiale utgifter på 1,3 mill. i høve budsjett 2020 og ein reduksjon på 7,9 % i høve året før. Meirutgifta knytt til dei variable lønnspostane er i sin heilheit finansiert med tilsvarande meirinntekt frå sjuke- og fødselsrefusjonar.

Året 2020 blei eit veldig spesielt år:

- Rekordlåge kraftprisar gjennom store delar av året gav eit nettougift for kommunen knytt til sal av konsesjonskraft. Sett i høve til 2019 har Masfjorden kommune mista 15 mill. i salsinntekt frå konsesjonskraft i rekneskapsåret 2020.
- Lågt og forsinka lønsoppgjer, samt redusert arbeidsgjevaravgift gav kommunen eit mindreforbruk knytt til sosiale utgifter, men ei skeiv fordeling av kostnadane mellom tenesteområda.
- Pensjonsutgift for dei operative tenesteområda syner eit mindreforbruk på 4,8 mill., medan mindreinntekta for andre tenesteområde (premieavvik) er på 3,4 mill.
- Refusjon av sjukepengar nær 4 mill. kr. meir enn budsjettert


Netto driftsdelen i rekneskapsåret 2020 syner eit mindreforbruk i høve budsjett for alle einingane utanom sosial/barnevern, kyrkja og andre tenesteområda. Samla mindreforbruk for alle tenesteområda er på 7,4 mill., som utgjør 4,4 % av tildelte rammer gjennom året.

Bevilgningsoversikt drift (tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrift §5-4	Rekneskap 2020	Justert budsjett 2020	Opph. budsjett 2020	Rekneskap jf justert budsjett 2020	Rekneskap 2019
Rammetilskot	-82 693	-81 978	-79 524	715	-74 327
Inntekts- og formueskatt	-45 913	-45 770	-47 866	143	-46 944
Eigedomsskatt	-25 633	-25 642	-21 000	-9	-20 533
Andre generelle driftsinntekter	-24 187	-23 111	-16 504	1 075	-25 857
Sum generelle driftsinntekter	-178 426	-176 502	-164 894	1 924	-167 661
Sum bevilgningar drift, netto	161 654	169 069	155 144	7 415	160 084
Avskrivningar	7 867	7 650	7 650	-218	7 644
Sum netto driftsutgifter	169 521	176 719	162 794	7 198	167 727
Brutto driftsresultat	-8 905	217	-2 100	9 122	67
Renteinntekter	-629	-670	-670	-41	-1 023
Utbytte	-676	-600	-600	76	-846
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	-2 019	0	0	2 019	-3 353
Renteutgifter	1 729	2 100	1 808	371	1 411
Avdrag på lån	6 265	7 000	6 382	735	5 715
Netto finansutgifter	4 670	7 830	6 919	3 160	1 904
Motpost avskrivningar	-7 867	-7 650	-7 650	218	-7 644
Netto driftsresultat	-12 102	398	-2 830	12 499	-5 673
Overført til investeringsrekneskapsdelen	11 828	12 486	0	658	1 000
Netto avsetningar til eller bruk av bunde driftsfond	-893	-910	0	-1 803	3 484
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-620	-11 974	2 830	-11 354	1 190
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	12 102	-398	2 830	-12 499	5 673
Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0

Bevilgningar drift, netto (tal i tusen):	Rekneskap 2020	Justert budsjett 2020	Opph. budsjett 2020	Rekneskap jf justert budsjett 2020	Rekneskap 2019
Folkevalde organ	2 557	2 720	2 500	163	2 660
Administrasjon	12 960	14 578	14 378	1 618	14 054
Barnehagar	15 658	17 045	17 000	1 387	17 327
Skular	43 004	45 264	45 554	2 260	43 717
Helse	11 731	13 328	12 828	1 598	10 488
Sosial og barnevern	5 304	5 000	4 500	-304	3 826
Pleie og omsorg	47 610	49 358	49 693	1 748	50 424
Kultur	6 780	7 150	6 500	370	6 597
Kyrkja	3 688	3 550	3 500	-138	3 505
Teknisk	13 794	14 281	9 856	454	22 237
Andre tenesteområde	-1 433	-3 205	-11 165	-1772	-14 751
Sum	161 654	169 069	155 144	7 415	160 084

Investering

Samla investeringsnivå er historisk høgt i 2020 med brutto investeringar på kr 96 247 390,57, fordelt med kr. 90 437 000 investering i varige driftsmidlar og kr 5 810 000i utlån.



Investeringar i anleggsmidlar er slik spesifisert i 2020-rekneskapan:

Investeringsprosjekt (tal i tusen)	Rekneskap 2020	Justert budsjett 2020	Opphavleg budsjett 2020
IKT- og EDB investeringar	235	125	500
Nordbygda skule - utbetring tak	1 543	1 584	0
Nordbygda skule - ventilasjon	2 317	2 184	1 300
Matre skule - ringeanlegg/brannvarsling	350	415	0
Sandnes skule - rehabilitering	46	300	300
Nothuset	998	696	0
Dagsturhytta	1 190	1 125	0
Masfjorden sjukeheim - signalanlegg	1 305	772	0
Masfjorden sjukeheim - varme og ventilasjon	480	1 195	2 200
Bustad eldre og funksjonshemma, Hosteland	40 846	41 485	31 125
Fensfjordbygg	34 272	33 967	36 705
Fensfjordbygg - ombygging helse	1 509	1 250	0
Kommunale vegar	1 753	1 000	1 000
Sandnes kafé - utbetring tak	1 006	1 000	0
Garderobe brann, Sandnes	242	141	0
Bustadfelt tilrettelegging	750	750	750
Gnr. 18, bnr. 6 - Duesund	269	240	0
Ombygging lager på Duesund	843	438	0
Vassforsyning	484	600	600
Totalt	90 437	89 268	74 480

Asfaltering av kommunale vegar

Masfjorden kommune har i 2020 asfaltert følgjande vegar og tilhøyrande parkeringsplassar: Tangedalsvegen, Rambjørg, Nordvang, Kvamsdal og Låveidet.

Vatn/vassverk

Pumpestasjon Hosteland

Eksisterande pumpestasjon er oppgradert med tre nye pumper som forsyner vatn til bustadane i Hostelandsfeltet og nye omsorgsbustadar. Pumpestasjonen er og knytt til naudstraumsaggregatet på dei nye omsorgsbustadane. Pumpene vart sett i drift i oktober 2020.

Nye/opprusta kommunale bygg

Nordbygda skule, takarbeid

Det har vore skifte av takstein på Nordbygda skule for administrasjonsfløyen og ungdomskuledelen. Arbeidet var utført før ferien 2020.

Arbeidet har omfatta ca 1 600 m² tak. Det er lagt ny takstein med tilhøyrande beslag.



Ventilasjon

Det er installert nytt ventilasjonsanlegg med røyropplegg i småskule – og aktivitetsdel på Nordbygda skule. Arbeidet har bestått av følgjande: Nytt røyropplegg er montert på loft og i alle rom i bygget. Ventilasjonsaggregat av type Swegon Gold, er sett inn i eksisterande ventilasjonsrom. Anlegget har overvaking via SD-styring, med luftkapasitet på 15 000 m³/timen. Anlegget vart sett i drift august 2020.

Kaféen/heimetenesta Sandnes, skifting av tak

Det er skifta tak på bygget. Arbeid som er utført er riving av takstein, lekter, takpapp og utskifting av dårleg sutak. Nytt tak er av typen Decra stålpanner med tilhøyrande beslag. Kledning og vindu på gavelvegg mot vest er og skifta.

Nothuset, skifting av tak

I 2017 vart det påvist lekkasje i taket på Nothuset, på vestsida. Regnvatn lak ned på berande konstruksjon. Arbeid som er utført med Nothuset er riving av skifer og undertak. I taket er alle sperr og hanebjelkar forsterka med nye, det er lagt nytt undertak, nye lekter og stein av typen Altaskifer. Kledning på gavelveggen mot sør er skifta til Royalimpregnert kledning.

Matre skule, brannvarslingsanlegg

Det er montert nytt brannvarslingsanlegg for heile skulen på Matre. Det er montert varslingsanlegg med røykdetektorar i alle rom. Anlegg er FG-godkjent, adresserbart og klargjort for fjernvarsling.

Nytt omsorgsbygg Hosteland

Masfjorden bu – og aktivitetsenter er pr 31.12.2020, nesten ferdigstilt.




Masfjorden kommune starta 1. juni 2019 opp bygging av nytt omsorgssenter på Hosteland ved sida av sjukeheimen. Dette er eit bygg på ca 1 400 m², med plass for 10 bueningar og dagsenter på 300 m² med kontor- og personalrom. Bygget skal tilpassast personar med bevegelsehemming og multihandikappa personar. Bygging av bygget har pågått i heile 2020. Bygget blir ferdigstilt januar 2021 med planlagt innflytting februar.

Fensfjordbygg AS

I 2020 kjøpte Masfjorden kommune areal på 812 m² i Fensfjordbygg AS, ved sida av Nordbygda senter. I bygget har Masfjorden kommune legekontor, kontor for psykisk helse og heimetenesta. Innflytting i bygget vart utført i mai 2020.

Investeringane er finansiert slik:




Balansen

Balansen gjev eit oversyn over eigedelar, gjeld og eigenkapital

Tal i heile 1000	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Anleggsmidlar	345 638	357 044	376 750	390 219	415 669	430 323	444 280	463 017	487 878	520 757	626 616
Omløpsmidlar	63 235	70 326	67 512	77 196	77 085	83 841	85 599	99 819	102 730	116 719	121 697
Sum eigedelar	408 873	427 370	444 262	467 415	492 754	514 164	529 879	562 836	590 608	637 477	748 312
Kortsiktig gjeld	21 705	29 284	24 804	27 843	28 232	29 081	27 185	34 893	29 889	33 576	38 584
Langsiktig gjeld	231 532	266 540	281 107	300 559	320 073	332 138	345 078	356 194	363 857	400 787	460 219
Eigenkapital	155 636	131 546	138 351	139 012	144 448	152 945	157 615	171 749	196 862	203 114	249 509
Sum gjeld og EK	408 873	427 370	444 262	467 414	492 753	514 164	529 878	562 836	590 608	637 477	748 312

Utviklinga av eigedelar frå 1991 og fram til i dag (tal i heile tusen)




Anleggsmidlar

Endring i pensjonsmidlar i Kommunal Landspensjonskasse og Statens pensjonskasse er 19,4 mill. kr i 2020 til 295,1 mill. kr. Netto endring på aktivering og avskrivning av anlegg, utstyr og maskiner i 2020 er 82,9 mill. kr. Netto endring på utlån er 3,8 mill.kr. gjeld utlån Startlån og lån frå Kraftfondet. Aksjar og eigedelar aukar med kr 588 000 og gjeld eigenkapitaltilskot til KLP.

Omløpsmidlar

Sum av omløpsmidlar er auka med 4,4 mill kr. Kortsiktige fordringar mot andre er auka med 1,2 mill. kr. Akkumulert premieavvik er redusert med 1,2 mill. kr. Aksjar, andelar og obligasjonar er auka med 1,665 mill. kr. Kasse og bankinnskot er i 2020 auka med om lag 3,1 mill. kr.




Finansplasseringa utgjer 28,4 mill.kr. pr. 31.12.20, og i balansen er det avsett eit «bufferfond» på kr. 5.757.225,29

Eigenkapital og gjeld

Eigenkapitalen

utgjør pr. 31.12.2020 omlag 33 % av sum eigenkapital og gjeld. Langsiktig gjeld utgjør 62 % av sum eigenkapital og gjeld og kortsiktig gjeld utgjør 5 % av sum eigenkapital og gjeld.



Saldo brufond

utgjør pr. 31.12.2020 kr. 10 040 326,40

Masfjorden kommunestyre fatter følgende vedtak den 31.5.2012, sak 45:

1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill. kr. som egenfinansieringsdel i Masfjordsambandet.
2. Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill. kr. frå Kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.

Lånegjeld

Lånegjelda auka med 63,1 mill. kr. i løpet av 2020, og utgjør 147,5 mill.kr.

I langsiktig gjeld ligg og pensjonsforpliktinga som har auka med om lag 3,7 mill. kr. i 2020.




Samla har Masfjorden kommune ei langsiktig gjeld på 460,2 mill. kr.

Arbeidskapital

(som er summen av omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) viser at kommunen har auka sin økonomiske handlefrirom litt, med nær kr. 564 000 i 2020 til 83,1 mill.kr. (tal i tabell i heile 1000)

Fondsmidlar


auka i 2020 med 1,2 mill. kr. og utgjør pr. 31.12.2020 kr 77,8 mill (diagram under med tal i heile 1000)



Næring/Kraftfondet

Masfjorden har ei eiga årsmelding om næring/kraftfondet som ein finn på kommunen si heimeside www.masfjorden.kommune.no under Start→ Sjølvhjelp → Kraftfondet, samt strategisk næringsplan.

Folketalet i Masfjorden 2011- 2020



KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunalt virke. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og samanstillt for å gje relevant informasjon til avgjerdstakarar både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gje betre grunnlag for analyse, planlegging og styring. KOSTRA-tal er innrapporterte rekneskapstal pr. 19. februar 2021 for 2020. Endlege KOSTRA-tal for 2020 kjem etter at årsmeldinga er ferdigstilt.

Finansielle nøkkeltall	Masfjorden 2020	Alver 2020	Gulen 2020	Gjennomsnitt kommunegruppe *14 2020	Gjennomsnitt Vestland 2020	Gjennomsnitt alle kommunar utan Oslo 0202
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,1	0,5	11,6	3,8	1,7	2,4
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	84 420	59 988	81 794	81 139	58 946	59 160
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	68,1	135,5	65,9	90,2	106,7	117,20
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	27,8	26,1	39,4	27,9	19,4	22,7
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar	200 782	178 229	212 343	189 414	170 396	167 862
Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring, per innbygger 6-15 år	207 754	123 783	190 082	170 540	121 638	116 610
Utgifter pr. innbyggjar i kroner, helse- og omsorgenesta	47 174	32 219	50 463	42 467	29 559	29 132
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-22 år, barneverntenesta	6 483	9 112	4 488	8 587	8 170	8 046
Andel barn 1-5 år med barnehageplass, prosent	100	93,5	96,2	89,0	93,9	92,9
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	8,1	9,9	7,7	8,5	7,5	7,8
Andel plassar i einerom i helse- og omsorgsinstitusjonar, prosent	100	95,7	73,3	92,8	95,2	91,6
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-22 år, prosent	5,5	3,2	8,0	4,6	3,4	3,7
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, grunnskule	10,2	14,3	8,4	12,0	15,2	15,7
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret+1) ekskl. mva.	4 950	3 426	4 502	1 953	4 212	3 881
Årsgebyr for avløpstenesta (gjeld rapporteringsåret+1) ekskl. mva.	3 400	3 169	4 158	2 850	3 759	4 321
Årsgebyr for avfallstenesta (gjeld rapporteringsåret+1)	3 088	3 488	3 488	3 090	2 755	2 997
Brutto driftsutgifter per innbyggjar, kyrkja	2 155	1 052	1 630	1 450	727	677

Kostragruppe 06: Små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar, høge frie disponible inntekter.

Meir info om Masfjorden kommune/kommunesektoren elles finn ein under www.kostrano.no

Personal

	Kvinner	Menn
Totalt tilsette pr. 31.12.20	241	96

Likestilling – mangfold - diskriminering og etikk

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Masfjorden kommune har stor overvekt av kvinnelege arbeidstakarar. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Ein kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Masfjorden kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar vektlagt, og ikkje kjønn.

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Masfjorden kommune vart vedtekne i oktober 2007.

Føremålet med desse retningslinjene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar, og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Masfjorden kommune.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Karstein Totland	- Utvalsleiar
Britt Inger Myhr	- Nestleiar
Bjørn Egil Nordland	- Hovudverneombud
Laila Herbst Totland	- Arbeidstakar repr.
Svein Helge Hofslundsengen	- Medlem
Svein Viktor Ellingbø	- Medlem

AMU behandlar hovedsakeleg saker som er på eit overordnet nivå, som mål og status for systematisk HMT-arbeid, gjennomføre HMT dag, HMT/vernerunde -rapportar frå tenesteområda, felles rutinar for kommunen, sykefråværsrapportar, IA arbeid, opplæring, handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta (BHT), med meir, samt arbeidsmiljømessige konsekvensar av kommunens budsjettframlegg.

Dei kommunale arbeidsplassane er delt inn i sju verneområde, der følgjande tilsette var valt til verneombod i 2020:

Avdeling:	Verneombud:
Hovudverneombod	Bjørn Egil Nordland
Heimetenesta Sør, Heimetenesta Indrefjorden, Heimetenesta Nord, Svingen bu og avlasting	Anny Bente Duesund/ Merete Rugseth
Masfjorden sjukeheim	Arnhild Gerweck/ Ann Camilla Wergeland
Nordbygda helsetun, NAV	Kamilla Haukeland
Nordbygda skule/SFO og Nordbygda barnehage	Solveig Grimslund/Elin Astrid Sletten Borge
Sandnes skule/SFO og Sandnes barnehage	Kjersti Adnvik/ Ragne Steinde
Matre skule/SFO, Indre Masfjorden barnehage og vaksenopplæringa	Grethe B. Oppedal/ Grete Nyhavn
Kommunehuset, brann og redning	Ottar Myrtveit/ Tone Haugsvær

HMT arbeid – risikokartlegging av arbeidsmiljøretta forhold

Ei risikovurdering er ein grundig gjennomgang av kva som kan forårsake uheldige situasjonar som skade eller sjukdom på arbeidsplassen. Gjennom systematisk bruk av tilgjengeleg informasjon om arbeidsplassen kan ein identifisere farar og vurdere om det er tilstrekkelege forholdsreglar, eller om det bør gjerast meir for å førebygge.

Målet med risikovurderingar er å føresjå hendingar før dei skjer. Evaluering av risikoområda vil bidra med å identifisere iverksettingstiltak for å førebygge at hendingar inntreff.

Lovverket stiller krav om systematisk HMS-arbeid. Arbeidsmiljølova § 3-1, 2. avsnitt, bokstav c seier at systematisk HMS arbeid inneber at arbeidsgjevar kartlegg farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risikoforholda i verksemda, utarbeide planar og iverksette tiltak for å redusere risikoen.

Internkontrollforskrifta § 5 definerer innhaldet i det systematiske HMS-arbeidet og stillar krav til skriftleg dokumentasjon. Forskrift om organisering, leing og medverking § 13-2 stillar krav til at arbeidsgjevar skal sørge for at bedriftshelsetenesta bistår med kartlegging av arbeidsmiljøet, gjennomfører undersøkingar av arbeidsplassane og arbeidsprosessane og vurderer risiko for helsefare.

Sjukefråveret

Tala er inkludert eigenmeldingar

År	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
2018	9,0 %	7,1 %	7,1 %	5,9 %
2019	10,0 %	8,7 %	6,5 %	6,7 %
2020	11,7 %	8,3 %	7,0 %	7,5 %

Lærlingar

Kommunen har eit vedtak om å ha minimum 3 lærlingar. Dette året hatt ti lærlingar som er fordelt slik:

Helsefagarbeidar 4, institusjonskokk 2 barne og ungdomsarbeidar 3 kontorlag 1

Hovudtillitsvalt (HTV) i kommunen

Fagforbund:	Tillitsvalt:
Fagforbundet	Britt Inger Myhr
Sjukepleiarforbundet	Laila Herbst Totland
Utdanningsforbundet	Ørjan Valestrand
NITO	Anne Kari Mjanger

Korona

Den 12. mars 2020 iverksette regjeringa mange tiltak i håp om å stansa koronaviruset. Tiltaka var det sterkaste og mest inngripande som har vore i Norge i fredstid. Smittetiltaka vart mange, forbod mot utanlandsreise for helsepersonell, forbod mot å reise på hytter, reisekarantene ved heimkomst, karantene i 14 dagar ved nærkontakt med smitta person, avstandskrav på minimum 1 meter mellom personar, og krav om heimekontor m.v. Det vart og innført tilgangskontroll til alle helseinstitusjonane, for å ivareta smittevernet for pasientane.



Barnehagane, skulene og universitet og høgskular m.v. vart og stengt, samt mange små og store bedrifter, restaurantar, trenings-senter, symjehallar og konsertscener m.v.. Mange butikkar og bedrifter vart på dagen utan kundar som følgje av smitteverntiltaka. For å oppretthalda helse- og omsorgstenestene og andre kritiske samfunnsfunksjonar kom det samstundes krav om at barn av foreldre i denne typen jobbar måtte få tilbod til sine barn både i barnehagane og i barneskulane.

Utover våren 2020 vart dei nasjonale tiltaka letta noko, og i slutten av mai opna mellom anna skulane og barnehagane igjen, og det kom etter kvart nasjonal smittevernvegleiarar for mange sektorar. Hausten 2020 kom det ein ny smitteoppblomstring, med nye reglar og endå større fokus på testing, isolering, smitteoppsporing og karantene (TISK) i kommunane.

Nedunder er konsekvensane for dei ulike sektorane i Masfjorden drøfta.

1. KKL

Masfjorden kommune sette kriseleiing (KKL) den 12. mars på kommu- nuset, der ein drøfta seg fram til korleis kommunen skulle reagere og landa dei ulike tiltaka som vart innført frå nasjonalt hald. I fleire veker vart det gjennomført daglege status- og drøftingsmøte i KKL (via teams-møte), der ulike problemstillingar vart drøfta og landa. Først etter påskeferien (14 april) vart møta redusert til ein gang i veka, eller ved behov for drøftingar.

2. Helseavdelinga

Helseavdelinga og kommunelegen måtte til ei kvar tid ha ansvar for å halde oversikt over smittesituasjonen i kommunen, risikovur-

dere ulike scenario, og gjennomføre dei tiltaka som var naudsynt lokalt for å stansa vidare smitte så raskt som mogeleg. Mykje tid har gått med til å gje råd og vegleiing til kommunale avdelingar, til innbyggjarar, næringsliv og hyttefolk, samt å planleggja og følgja opp smittevernet på dei ulike avdelingane (inkludert skular og barnehagar) i kommunen. Informasjonsbehovet har vore stort, og det er lagt ned mykje arbeid med å laga og få ut informasjon til innbyggjarane.

Daglege rutinar og måtar å jobbe på måtte endrast på helseavdelinga, eige smittevernteam og system for testing vart etablert utanfor det gamle legekoret allereie i mars. Ein av legane vart dedikert til å ha fokus på bebuarane på sjukeheimen, og vart i ein periode skjerma frå vanleg pasientkonsultasjon og nærkontakt med andre på legekoret. Dette for å unngå å ta smitte med seg til institusjonen, og for å unngå at alle legane måtte gå i karantene samstundes om det oppstod nærkontakt eller smitte på helseavdelinga.

Heimebesøk til nyfødde vart endra til konsultasjon på helsestasjonen. Helsesjukepleiar var i ein periode berre tilgjengeleg på helsestasjonen, og personleg oppmøte på skulane vart redusert til telefonmøte.

Det første smittetilfellet i kommunen vart påvist rundt 20. august, og alle nærkontaktar vart sett i karantene og testa 20 og 21. august. Ingen av dei viste seg å vera smitta. Seinare i haust har det vore 4 smittetilfelle til, som alle har medført arbeid med smittesporing, testing av nærkontaktar og karantene.

Konsekvensar for tilsette

Presset på arbeidstakarar har vore stort, spesielt gjeld dette smittevernteamet og leiar av smitteteamet, som har vore i beredskap meir eller mindre samanhengande heilt sidan mars.

Psykososialt har det vore ei påkjenning for dei tilsette at dei kan verta utsett for smitte, og fordi dei i periodar ikkje har kunna utført arbeid mot andre brukargrupper, som dei kjenner ansvar for.

3. Masfjorden sjukeheim, heimetenesta og Svingen

I helse og pleie og omsorg måtte dei etablere naudsynte tiltak og rutinar både for å hindre generell smitte, og for å verne dei eldre og andre i risikogrupper. Eit av dei første tiltaka var å stenga sjukeheimen for besøkande og aktivitetar. For at bebuarar skulle kunne halde kontakt med sine pårørande fekk ein i april på plass nettbrett, som kunne nyttast til videosamtalar mellom bebuarar og deira pårørande.

Heimetenesta har også hatt ein utfordrande kvardag med smitteførebyggjande tiltak, samstundes som dei skal ivareta eldre som i mindre grad har kunna få besøk og hjelp frå sine pårørande. Svingen har også ei sårbar brukargruppe som er i risikogrupper. Å skjerme desse for smitte har vore eit sentralt fokus hjå dei tilsette. Arbeidstilbodet til fleire av brukarane har vore påverka av pandemien.

Konsekvensar for tilsette

Presset på arbeidstakarar har vore stort, spesielt gjeld dette leiarane, som har vore i beredskap meir eller mindre samanhengande heilt sidan mars. Psykososialt har det vore ei påkjenning for alle tilsette som arbeider tett på eldre og funksjonshemma, at dei kan

dra med seg smitte, og på den måten kunne påføre desse alvorleg sjukdom og død.

4. Kommuneadministrasjon og politisk arbeid

Fleire politiske møter vart gjennomført via digitale plattformer (teams). Dette gjaldt mellom anna kommunestyremøtet den 07.april og formannskapsmøte den 31. mars og 27. april. I ein lang periode i vår vart kommunehuset stengt for alle besøkande. Publikum som gjorde avtale fekk likevel møta opp på kommunehuset, og personar som ønskte å høyra på politiske sakar fekk høve til å stilla i kommunestyresalen etter nærmare avtale. Ein del representantar har og delteke i politiske møter via teams på vanlege møter der det har vore fysisk oppmøte.

Ein del utviklingsarbeid stoppa og opp, både fordi mange leiarar måtte ha større fokus på drifta av kommunen, og fordi mangel på gode møteplassar vart ei utfordring til ein fekk på plass betre utstyr og opplæring i bruk av nye digitale møteplassar. Både kommunestyre-møter og andre møter vart gjennomført digitalt, men den politiske samtalen vart sannsynlegvis hemma av avstand og utfordringar knytt til bruk av ny plattform. Folkemøte og andre opne møter i kommunal regi vart lagt på is heile våren 2020, det medførte utfordringar knytt til mål om å ha god medverknad og eit inkluderande lokaldemokrati.

Konsekvensar for tilsette

Det psykososiale miljøet vart dårlegare for ein del, på grunn av mindre fellesskap og redusert kontakt med kollegaer på grunn av at mange hadde heimekontor i periodar.

5. Oppvekst

Skulane og barnehagane i Masfjorden vart stengd 13 mars. Det vart gjort unntak for barn med foreldre i samfunnskritiske stillingar og barn med særlege omsorgsbehov, og særleg grad av sårbarheit. Det kom ei liste med 15 definisjonar på samfunnskritiske stillingar. Skulane laga eit opplegg med personale for dei elevane som då måtte vera på skulane. Lærarane la då opp til fjernundervisning med elevane. Nokon elevar hadde undervisning via nett, andre fekk oppgåver og bøker heim. Dei fleste lærarane jobba frå heimekontor.

Det vart nytta Canvas og etter kvart Teams i undervisninga. Elevar vart og kontakta av lærarane pr. telefon, for å halda kontakten.

Barnehagane stengde og ned, personalet hadde ansvar for dei som måtte vera i barnehagen. Ingen i personalet vart permittert. Det vart gjort ei kartlegging av kompetanse både i barnehage og skule, med tanke på ressursar som skulle kunne vera tilgjengeleg for helse ved behov.

Samarbeidet mellom oppvekstleiar og styrarar/rektorar gjekk føre på teams-møter.

Gjenopning

Det kom eigen vegleiar for smittevern i barnehagar og skular den 15.april. Denne vart gjennomgått med helsesjukepleiarar og personalet, og planar for einingane vart laga.

Frå 20. april vart det frå Regjeringa gjeve løyve til å gjenopna barnehagane.

Frå 27. april vart det høve til å opne for 1.-4. trinn i skule og SFO. Dette vart ei gradvis og kontrollert opning med naudsynte smitteverntiltak på plass. I Masfjorden var det gjennomgang med perso-

nalet i barnehagane og på skulane med tanke på smittevern, og med utgangspunkt i vegleiar som kom frå Folkehelsa. I Masfjorden var det fokus på å prøve å få til ordinær opningstid i barnehagen, for at foreldre skulle kunne gå inn i sine vanlege jobbar. Dette gav utfordringar i høve til fellesmøte, planlegging med vidare, og utløyste ekstra kostnader. Det vart likevel gjennomført.

11. mai vart det høve til å opne for 5.-10 trinn, i Masfjorden vart det opna att den 12.mai.

Den 28.september kom det nivåinndelte smitteverntiltak etter trafikklysmodellen, og eigne sjekklister for smittevern vart innført. Denne vart tatt i bruk, og gjorde det lettare å gjennomføra dei tiltak som vart tilrådd.

I Masfjorden er det relativt små einingar og små klassar, noko som har vore ein fordel med inndelingar i kohortar med vidare. Det har heile tida vore tett samarbeid og dialog mellom helsesjukepleiarane, smittevernteam, smittevernlegen, KKL, styrarar og rektorar.

Masfjorden kommune har til no ikkje hatt smitteutbrot i barnehage eller skule, men der har vore nærkontaktar av smitta. Dette har ført til at elevar, barn og tilsette har vorte sett i karantene. Dei har vorte kontakta av smittevernteam/smittevernlege. Oppvekstleiar har fungert som koordinator mellom rektorar og styrarar og smittevernlegen.

Hausten 2020 har på mange måtar vore krevjande med omsyn på tal tilsette. Terskelen for at personalet skal halde seg heime er låg, og det har difor vore stort behov for å nytta vikarar. Vikartilfanget er avgrensa, så dette har vore utfordrande. Alle har arbeidd hardt for å klara å halde ope på ein forsvarleg måte, noko styrarane og personalet skal ha ros for. Skulane og barnehagane jobbar no på gult nivå. Det har ikkje vore trong for å gå på raudt nivå sett i samheng med smittefare. Det har vorte nedfelt reglar for bruk av skulebygga til andre enn skulebruk, for å hindre smittespreiing. Desse tiltaka har vorte fortløpande vurdert i lag med smittevernlegen, for at dei skulle vera balanserte og tilpassa smittesituasjonen i regionen.

Konsekvensar for tilsette

Stort press på dei tilsette og leiarane på skulane og i barnehagane, for å klara å oppretthalda eit godt læringsmiljø/ oppvekstmiljø. Dette skuldast at sjukefråværet har vore stort. Mangel på vikarar har gjort det vanskeleg å kompensere for fråvær.

Vurdering

Utfordringa med pandemien er den lange tida heile samfunnet har vore i beredskap. I sum opplever mange tilsette denne tida som ei påkjenning både for det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet, og for enkelte grupper tilsette er påkjenninga ekstra stor. Me veit at det ikkje er noko anna val enn å stå i denne stormen til den løftar. Likevel meiner rådmannen at det er viktig at partane løfter fram dei utfordringane pandemien gjev oss, slik at me saman kan vurdera risikoreduserande tiltak i tida framover.

Sentraladministrasjonen

Kommunen si heimeside er tenkt å vere eitt av fleire kontaktpunkt mellom kommunen og innbyggjarane. Her skal ein finne aktuell, korrekt og oppdatert informasjon frå kommunen. Like eins er heimesida ein stad der publikum skal kunne melde inn saker, til dømes via elektroniske skjema som vert gjort tilgjengelege via heimesida. Kommunen sitt intranett er tenkt å vere ein informasjonskanal og ressurs for dei tilsette. Her kan tilsette finna mykje informasjon og få lett tilgang til skjema, rutineskildringar og viktige styringsdokument m.v. Det har vore eit mål å få aktivisert denne portalen på ein måte som gjer at dei tilsette får endå større nytte av denne kanalen.

Tenestetorget er kommunens 1. linje, og knutepunktet mellom saksbehandlarar og innbyggjarane. Her vert det vidareformidla det som kjem inn av forespurnader og spørsmål til kommunen. Samarbeid mellom saksbehandlarar og tenestetorget er dermed svært viktig for å yte best mogeleg service til innbyggjarane våre. Det er ulike arbeidsoppgåver på tenestetorget. Også i 2020 er det

sett ekstra fokus på arbeidet med kommunen si dokumentasjonsforvaltning og sikker arkivering. I samband med oppgraderingar av kommunens sitt sak- og arkivsystem og byte av elektroniske fagsystem, har ein i samarbeid med IKAH til no nesten samla inn alt av papirbasert arkivmateriale frå dei ytre einingane. I 2021 vert dette arkivmateriale avlevert til IKAH for langtidslagring. Camilla Hjelmeland tok fagbrev i kontor og administrasjon



våren 2020, og fekk seinare fast stilling som kontormedarbeidar i 100 % stilling.

Nytt digitalt delegeringsreglement

Hausten 2020 begynte administrasjonen å byggja opp innhald i eit nytt digitalt delegeringsreglement for heile kommunen. I same arbeidet vert det og definert kva politisk styringsstruktur kommunen skal ha. Administrasjonsutvalet hadde saka opp til orientering/drøfting i møte den 15. desember.

Masfjordsambandet

Bru over Masfjorden er eit prioritert prosjekt, og det har vore fleire møte på digitale plattformer, som har handla om korleis ein kan styrke finansieringa knytt til ferjeavløysingsprosjekt og bruk av bompengar.

Samarbeidsprosjekt med andre kommunar, felles kontaktsenter

Kommunane; Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Austrheim, Gulen og Masfjorden har i meldingsåret jobba med prosjektet felles kontaktsenter. Målet med prosjektet er å få til eit robust samarbeid knytt til felles telefonsentral og tenestetorg, der alle kommunane deltek i eit vaksamarbeid for å ta i mot telefonar og for å hjelpa publikum med ulike typer tenester og god informasjon. Det skjer

ein del utviklingsarbeid i prosjektet knytt til bruk av effektive digitale verktøy, og for å harmonisere måten kommunane kommuniserer og tilrettelegg informasjon på. Det er oppretta eigne delprosjektet knytt til organisering, behov for kompetanse og utstyr for dei tilsette m.v. Venteleg vil det koma på plass eit felles kontaktsenter i løpet av 2021.

Tilrettelegging og oppfølging av saker til politisk handsaming knytt til ulike type saker har teke ein del tid. Koronaepidemien har medført at mange møter både politiske og administrative har skjedd på digitale plattformer. Kommunehuset har i periodar vore stengt for publikumsbesøk, og tilsette har hatt tilbod om å nytta heimekontor om det har vore praktisk mogeleg. Mange har nytta seg av dette tilbodet.

Utval	Tal på møte 2020	Handsama saker
Formannskapet	9	128
Kraftfondstyret	4	22
Kommunestyret	7	92
Administrasjonsutvalet	2	8
Teknisk utval	3	19
Tilsetjingsutvalet	14	35
Valstyret	0	0
Eldrerådet	2	16
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	2	11
Arbeidsmiljøutvalet	2	8
Ungdomsrådet	4	17

Ny helse- og omsorgsleiar



I august kunne Masfjorden ønska den nye helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset velkommen.

Oddvin Neset er oppvaksen på Eidslandet, og bur i dag på Øvre Helland i Modalen. Han er 53 år, gift og har tre vaksne barn.

Som helse- og omsorgsleiar har eit overordna ansvar for helsetenesta, sjukeheimen, heimetenestene, omsorgsbustadene, forvaltninga og NAV- kontoret.

Skatteoppkrevjarfunksjonen blei statleg frå 01.11.2020

Oppgåvene som blei overførte til Skatteetaten er handsaming av restskatt, skattepengar til gode, tilleggsforskot, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, motrekning og utleggstrekk knytta til skattekrav skatteattestar og konto-/saldoutskrift for skatt og avgift.

Barnehagane

Kommunedelplan for oppvekst 2014-2026 fortel om status og utfordringar innafør barnehagesektoren, og den seier noko om korleis vi vil ha det innanfor området oppvekst i Masfjorden kommune.

Til dømes: Barnehage og skule skal gje eit likeverdige tilbod i alle tre oppvekstområda. Barnehagane løyser dette med å ha felles satsingsområde for alle tre barnehagane, og ein felles del i årsplanen.

- Bading på Matre for dei eldste barna i alle 3 barnehagane i perioden frå oktober til mai
- Førskuletur som avslutning på badinga

Masfjorden kommune hadde full barnehagedekning i 2020. Alle som søkte, fekk plass. Det er to hovudopptak pr. år, 1. mars og 1. oktober.

Masfjorden har framleis barnehageprisar som ligg under makspris. Prisen i 2020 var kr 2 995,- pr. mnd for full plass. Ingen av barnehagane har hatt ventelister.

Dei tre barnehagane har eit godt samarbeid på styrarplan. Dei deltek på styrar/rektormøter ca. ein gong pr. måned. Møta vert organisert med fellesdel for skule og barnehage, der kulturskulerektor og har høve til å delta. Kommunale samlingar for dei pedagogiske leiarane har halde fram. På grunn av Covid 19 har ein del møte vore halde på Teams.


2020 vart eit spesielt år prega av pandemien som kom over heile verda. Dette stilte krav til oss alle om at me stilte opp på den nasjonale dugnaden som starta 12.mars med stenging. Korleis me har handtert situasjonane som har vore dette året er me stolte av! Me har klart å oppretthalde eit barnehagetilbod der foreldre har fått gå på jobb då barna har hatt eit barnehagetilbod. Barn med foreldre i samfunnskritiske yrke har fått eit tilbod i barnehagen gjennom heile 2020. Innsatsen frå personalet har vore fantastisk. Dei har jobba når det har vore behov for dei, uavhengig av vakter. Opningstida i våre barnehagar har heile tida vore frå kl 07.15-16.30. Me hadde tidleg fokus på at me skulle finne gode alternativ til alle aktivitetar og møter som vart avlyst. Det har vore eit kreativt år med mykje uteliv. Heldigvis har me flotte turområde.

Det har vore lite sjukdom blant barna i 2020. Dei har vaska hender flittig, har vore heime når dei har vore forkjøla, og det har verka positivt på sjukdomsbiletet. Barna har vore i barnehagen og fått sosial trening, og me ser ei positiv utvikling i det sosiale samspelet barna imellom på alle avdelingane. Foreldra har vore samarbeidsvillige heile tida, og me har hatt ein god dialog.

Barnehagen arbeider for å vere i god dialog med foreldregruppa, og tilbakemeldingane me fekk i foreldresamtalane vår og haust var gode.

Barnetal og prognosar

2017:	2018:	2019:	2020:	2021:
102	91	84	81	74



Netto driftsutgifter per innb. 1-5 år i kr., barnehagar

Mål og visjon

Barnehagane i Masfjorden byggjer den pedagogiske driften si på tre hovudmål:

1. At barna er trygge og trivst
2. At barna lukkast i sosial samspel på tvers av alder
3. At barna får ei oppleving av at omsorg, leik og læring går hand i hand.

Visjonen vår er det vi skal strekkje oss mot, og som er hovudfokus for arbeidet vårt i barnehagen:

Ein barnehage me er stolte av

Alle, både store og små, skal trivast i barnehagen. Dei vaksne skal sjå kvart einskild barn, og gje dei gode mogelegheiter for å utvikle seg positivt. Barna skal føle at me har TID til dei, og at dei vert tekne på alvor. Me ynskjer at barnehagen skal vere eit positivt samlingspunkt i nærmiljøet.



Indre Masfjorden barnehage

Satsingsområde

Samarbeid på tvers av dei tre barnehagane i kommunen

Bading for førskulebarna i perioden oktober til korona-stenging mars 2020
Hausten 2020 får førskulebarna bade barnehagevis. Samarbeid på tvers i høve til bading vert difor utfordrande så lenge vi er på gult nivå innanfor smittevern.

Samarbeid mellom barnehage og skule i Matre oppvekstområde

Det vert kvar haust utarbeidd ein årsplan for samarbeidet mellom barnehagen og skulen.
For 2020 gjekk samarbeidet som planlagt fram til koronastenginga, og etter opning att 20.04 fekk vi gjennomført førskuledagar med strenge krav smittevern. Hausten 2020 har det ikkje vore fysisk samarbeid mellom barnehage og skule, men det føreligg plan for korleis arbeidet skulle vore gjennomført ut frå ein ordinær situasjon.

Språk og språkutvikling – satsingsområde frå august 2020

Nordbygda barnehage har fått REKOMP (Regional ordning for kompetanseutvikling)-midlar og skal ha eit samarbeid med NLA i denne samanheng. Temaet er språk og språkutvikling på digitale flater. Nordbygda barnehage skal dele det dei lærer i dette samarbeidet med dei to andre barnehagane (Indre Masfjorden og Sandnes). Hausten 2020 var prega av smitteverntiltak, og arbeidet med dette satsingsområdet var ved nyttår berre så vidt i gong.

Trygt og godt barnehagemiljø – satsingsområde frå august 2020

Frå 01.01.2021 vert det lovfesta ein ny lovparagraf i barnehagelova. Denne skal sikre alle barn ein trygg og god barnehagekvardag. Barnehagane er begynt å jobbe med implementering av den nye paragrafen, og vil halde fram med dette utover vinteren 2021. Det vert send ut informasjon til heimane etter kvart.

DUÅ (Dei Utrulege Åra)

Alle dei tre barnehagane har innført skule- og barnehageprogrammet DUÅ, og fokus framover skal framleis vere på å jobbe inn gode ruitnar innanfor DUÅ.

Foreldresamarbeid

Barnehagen har dei siste åra nytta kommunikasjons- og planleggingsverktøyet Vigilo ut mot foreldra. I februar 2020 vart det innført ein ny versjon av denne løysinga. Den nye Vigilo-løysinga baud på litt meir utfordringar enn den vi var vane med frå før, og vi jobbar framleis med å finne den gode måten å bruke den på. Brukarundersøking blant foreldre i barnehagen vart gjennomført i perioden 01.12.20 – 20.12.20.

Våren 2020

Etter jul starta vi opp med 20 barn fordelt på 25 plassar. På Bamsebu gjekk det 5 barn på 10 plassar, og på Revehiet var det 15



- Utsikt over heile verda

barn på 15 plassar. Hovudfokus på Revehiet var Leik som faktor for utvikling av sosial kompetanse, og etter nyttår var temaet Pippi Langstrømpe. Bamsebu jobba mykje med Meg sjølv som tema.

Hausten 2020

Ved oppstart av nytt barnehageår talde vi 15 barn fordelt på 18 plassar totalt i barnehagen. Ein markant nedgang på 5 barn frå året før. Ingen nye barn begynte. Personal måtte byte arbeidsplass. Ein noko tøff start på det nye året, men «heldigvis» var vi så få at barnehagen vart å rekne som ei avdeling – ergo ein kohort. Smittevernrettleiaren fortel oss at barn og tilsette innanfor same kohort kan omgåast som normalt, og dette førte til at vi kunne ha ei tilnærma normal barnehagedrift – med ekstra fokus på hygiene og reinhald.

Tema har vore språk og språkutvikling og DUÅ.

Juleførebuing og juletradisjon er ein viktig del av barnehagekvardagen før jul. Også i år flytta Rampenissen inn, med mange artige sprell i førjulstida.

Kompetanseheving

Barnehagen har ingen som har tek etter- eller vidareutdanning for tida. Det skulle vore gjennomført både brannvern- og livredningskurs (i bassenget), men dette er sett på vent på grunn av korona.

Medarbeidarar

Ved nyttår 2020 var det knytt 680 % årsverk til barnehagen. Hausten 2020 var det 530 % stilling knytt til barnehagen, inkludert lærling. Reinhaldar i 38 %. Det vart nytta ferievikar/ekstrahjelp knytt til covid 19 i 6 veker for å få ferieavvikling for personalet til å gå opp. Barnehagen var stengt i veke 30.

Investeringar

Det har ikkje vore gjort investeringar i høve barnehagen 2020.

Nordbygda barnehage

Me gjennomførte foreldreundersøking i desember 2020, og resultatet av den skal vi jobbe med i 2021. Det var 53,3 % som svarte på undersøkinga, så resultatet er kanskje ikkje heilt optimalt med tanke på kva me skal ta tak i og jobbe vidare med. Me lagar tiltaksplan i 2021.

Samarbeid mellom barnehagane i kommunen

Me gjennomførte bading på Matre for dei eldste barna i alle tre barnehagane i perioden frå januar til mars og frå oktober til desember. Dette er noko barna har stor glede, og stort utbyte av.

Førskulegruppa i Nordbygda barnehage reiste til Masnes Villmarksmuseum som avslutning på badesesongen. Der fekk dei mange gode opplevingar. Å køyre buss var nok det gøyaste!

«De utrolige årene», forkorta til DUÅ, er noko vi jobbar kontinuerleg med i barnehagen.

Samarbeid mellom barnehagen og skulen i Nordbygda oppvekstområde

Årsplan for samarbeid siste året før skulestart med fire fellessamlingar frå januar til april/mai vart ikkje gjennomført grunna Covid-19. Me hadde ei samling i januar. Elles har me vore på skulen sitt uteområde, på biblioteket i periodar der me har fått lov til det, og me fekk gjennomført overgangssamtalane mellom foreldre, barnehage og skulen i juni.



Fadderordninga på skulen vart gjort kjent for førskulegruppa, og dei visste kven som skulle vera deira fadder før skulestart, men det vart ikkje så mange møtepunkt før skulestart.

Språkstimulerande metodar me bruker i vår barnehage

- Me pratar med, og seier namn på det som er rundt oss, saman med barna heile tida.
- Me brukar biblioteket der bibliotekar Kjellaug les høgt for mindre barnegrupper, og me låner med oss bøker til barnehagen. Dette er eit tilbod me har kunne nytta i periodar med gult smittevernnivå.
- Bøker er tilgjengeleg for barna i avdelingane, og dei er veldig glad i si eiga bok som foreldra har laga, og som heng på avdelingane der dei minste barna går.
- Me spelar spel, syng, høyrer på musikk og dramatiserer.



- Med dei eldste barna jobbar me med eit opplegg som heiter «Trampoline». Dette opplegget er utarbeidd for førskulebarn med tanke på førebuing til det dei møter i skrive –og leseopplæringa i skulen.
- Førskulegruppa har òg « Skrivedans», der dei bevegar kroppen og teiknar til musikk, frå dei store til dei mindre bevegelsane. Gjennomføring frå januar til mars og frå oktober til desember.

Barnetal og plassar

Våren 2020 var det 47 barn / 69 plassar i barnehagen. Hausten 2020 var det 45 barn / 63plassar.

Tilsette

- I 2020 hadde me 4 avdelingar med 100 % pedagogisk leiar på kvar avdeling. I heile 2020 har me hatt 3 barnehagelærarar og 1 barne- og ungdomsarbeidar på dispensasjon frå utdanningskravet som har jobba i pedagogisk leiarstillingane. Totalt hadde me 6,0 fagarbeidarstillingar, 2,8 assistentstillingar og styrar i 100% administrativ stilling. 54% reinhaldar er knytt til Nordbygda barnehage.
- Gjennomsnittsalderen er 43 år på dei fast tilsette.

Vedlikehald av barnehagebygg og uteområde

Kvar månad kjem vedlikehaldstilsette i barnehagen og utfører vedlikehald. Dette fungerer veldig godt. Me har hatt problem med mus på kjøkkenet hausten 2020. Ein kreativ vedlikehaldsmann fekk fanga «bøtta full» på loftet, og problemet avtok fram mot jul. Der er behov for meir lys på uteområdet og eit leikeskur til å oppbevare utesyklane i. Dette vert det fokus på å få på plass i 2021.

Kompetanseheving

Livredningskurs vart ikkje gjennomført i 2020, men dei som har gjennomført dette tidlegare, får forlenga for eitt år om gongen. Det gjer at me kan reise på bading med førskulegruppa så lenge bassenget er ope.

Felles brannvernkurs i september for personalet i alle tre barnehagane vart avlyst grunna Covid-19. Alle tilsette gjennomførte brannvernkurs i 2018 og førstehjelpskurs i 2019.

ReKomp er eit regionalt kompetansehevingsprosjekt der vi samarbeider med NLA Høgskulen på Breistein. Vårt satsingsområdet er «Språk og språkstimulering gjennom digital praksis». Dette prosjektet går over 2 år og vi startar opp i januar 2021. Me har fokus på digitale leikety.

Sandnes barnehage



I januar starta vi opp med 0,8 årsverk mindre enn i desember 2019. Pga. reduksjon i barnetalet var det ikkje behov for ny tilsetjing etter at Heidi Dyrkolbotn sa opp stillinga si. Ved nytt år gjekk også styrarressursen ned frå 60% til 50%, dette skuldast at frikjøp knytt til DUÅ ikkje lengre var naudsynt. Barnetalet auka med to barn i januar og haldt seg stabilt fram til august. Ved nytt barnehageår sendte vi seks førskulebarn over i skulen og tok i mot tre nye eitt-åringar. I november slutta diverre to barn i barnehagen og vi avslutta 2020 med eit barnetal på 18 barn fordelt på 28 plassar og to avdelingar. I desember fekk Cherry Lazo Torsvik fast stilling i Masfjorden kommune og barnehagen hadde pr. 31.12.20 sju faste tilsette fordelt på fire pedagogar, ein fagarbeidar og to assistentar.

Eit annleis år

Mars 2020 kom med nye og ukjente utfordringar Etter kvart dukka det opp kreative løysingar om kva barnehagetilsette kunne gjere for å halde ein viss kontakt med barnehageborna. I Sandnes barnehage laga dei pedagogiske leiarane ein aktivitetspose til barna som vart levert i postkassane. Pedagogisk leiar på småbarnsavdelinga la også ut digitale helsingar i Vigilo. Med så mange dagar borte frå barnehagen, var det fint å kunne få sjå andletet til ein vaksen på avdelinga.

Foreldresamtalane om våren vart gjennomført over telefon, men etter kvart vart teams-møte ein meir nytta møteform. Videomøter har vist seg å vere ein god og effektiv møteform som truleg vil leve godt, også etter pandemien. Måndag 20. april fekk vi omsider opne barnehagen igjen. Sjølv om Folkehelseinstituttet, saman med Utdanningsdirektoratet, utarbeida ein rettleiar om smittevern i barnehagane, måtte tiltak og nye rutinar tilpassast oss og vår barnehage.

Nytt barnehageår starta opp med smitteverntiltak på gult nivå. Tiltaka gav framleis nokre avgrensingar, t.d. fekk berre éin av foreldra følgje barnet sitt under tilvenningsperioden. Men mest av alt normaliserte drifta seg. I august fekk vi løyve til å rekne heile barnehagen som éin kohort. Bakgrunnen for avgjersla var storleiken på barnehagen og smittesituasjonen i vår kommune. Vi er glade og takksame for at vi hausten 2020 kunne drive barnehagen bortimot som normalt.

Satsingsområde

I samband med arbeidet knytt til De Utrolige Årene, hadde vi også i 2020 eit ekstra fokus på sosial kompetanse. Særskild positiv samhandling mellom barn- barn og barn-vaksne har vore sentralt. I eit

år der fokuset har vore på å halde avstand og ha få nærkontaktar, har det vore svært viktig at vi i barnehagen kan, og er, fysisk nære barna med trøyst, klemmer, varme og omsorg.

Samarbeid

Samarbeidet mellom Masfjordbarnehagane har vore prega av færre møtepunkt. Vi har ikkje fått gjennomført pedagogiske leiar samlingar og felles planleggingsdagar som tidlegare. Styrar- og rektormøter har vore gjennomført jamleg med både fysiske møter og teams-møter. Førskuleborna har ikkje fått vore saman på tvers av oppvekstområda og badeturane til Matre har gått føre seg barnehagevis. I Sandnes barnehage hadde vi hausten 2020 berre eitt førskulebarn, og det var gledeleg at vi fekk høve til å reise på bading saman med 1.- og 2.klasse ved Sandnes skule. Dette var ei god løysing som også er med på å gjere overgangen frå barnehage til skule tryggare. Førskulebarnet har også fått delteke på fleire utedagar med dei yngste klassetrinna i haust, noko vi er svært glade for. Barnehagen sitt samarbeider med PPT, helsestasjonen og barnevernet har vore godt og jamleg gjennom året, også her har teams-møte vore nytta.

Kultur

Kulturarrangementa har vore svært avgrensa dette året og fleire arrangement har måtte avlystast.

I februar fekk vi ei gledeleg melding frå Barnas Musikkteater om at vi hadde fått ein sjonglørforestilling i gåve. Gjevaren var bedrifta Motho AS v/ Kent Remy Berge Kvamsdal. Forestillinga hadde namnet Den Evigunge Bestefaren og skulle etter planen spelast i barnehagen vår den 27. mars. Forestillinga kunne ikkje gjennomførast som planlagt, men i september var vi så heldige å få tilgang til forestillinga digitalt. I ei tid der mykje vart annleis, var det godt å ha gode digitale løysingar som opna for samhald og deling av opplevingar – på avstand.

Utfordringar

Sandnes barnehage har, i likskap med dei andre einingane i kommunen, redusert budsjettet dei siste åra. I 2020 vart det gjort eit stort kutt i vedlikehaldsbudsjettet, noko som gjer til at vi ikkje klarar å vedlikehalde og oppgradere bygg og uteområde slik det har trong for. Kjøkkenet i barnehagen er etter kvart i så dårleg stand at det er behov for ei total utskifting. Også fleire av leikeapparata på barnehagen sitt uteområde er prega av råteskader og slitasje. Men takka vere kunnskapsrike og positive kollegaer på teknisk avdeling får barnehagen likevel ny leikebuss våren 2021. Material er kjøpt inn av barnehagen og Steinar og Kjetil bygger bussen.



Skulane

Sektoren skule i Masfjorden omfattar grunnskule, SFO, PPT og vaksenopplæring.

PPT-samarbeidet med Gulen og dei andre kommunane i Ytre Sogn og Sunnfjord har vore som før. Det er Ytre Sogn og Sunnfjord PPT som har det faglege ansvaret for PPT i Masfjorden. Dei organiserer og disponerer kompetansen etter behov. PPT leverer eiga årsmelding.

SFO-tilbodet blir gjeve av kvar einskild skule, delvis i samarbeid med barnehagane. I feriar og på skulefrie dagar er SFO i barnehagen så langt det er praktisk mogleg. På den måten får me brukt personalressursane mest effektivt.

LK-20 (Fagfornyinga) vart teken i bruk hausten 2020 for 1.-9. klasse. Alle skulane har fått 1-1 PC-dekning for elevane og det går mot meir digitale læreverk.

Koronatiltak

Frå 12. mars kl. 15.00 til 26. april var det i stor grad heimeundervisning i tråd med nasjonale føringar. Skulane vart gradvis opna, elevane vart fordelt i kohortar og nasjonale rettleiarar for smittevern vart innført i samarbeid med helse. Mykje undervisning har dette året føregått ute. Elevar og tilsette har hatt fokus på å få til ei så god undervisning som mogeleg. Alle har bidratt med mykje kreativitet og god innsats, og alternative undervisnings og møteformer har vorte nytta.


Barn i SFO hausten 2020:

Matre skule:	8
Nordbygda skule:	25
Sandnes skule:	21

I sommarferien samarbeider barnehage og SFO om å halda ope. Barnehagane held stengd ulike veker, slik at det alltid er minst ein barnehage som er open. I 2020 har ein hatt fokus på tilbod til sårbare barn.

Alle skulane tilbyr leksehjelp.

Skulane: Etter krav frå statlege styresmakter vert det kvart år utarbeidd ein tilstandsrapport. Rapporten skal omfatta læringsresultat, fråfall og læringsmiljø og vert handsama av kommunestyret.



Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring pr innb 6-15 år

Det vart i 2020 laga ei kvalitetsmelding for skule og barnehage, i staden for den obligatoriske tilstandsrapporten.

I 2020 vart det ikkje høve for elevane i 7. klasse å reisa på leirskule på grunn av Covid 19.

Felles prosjekt: Kommunen er framleis med i MOT. MOT-arbeidet er godt etablert på alle skulane og MOT-informatørane har ei god hand om arbeidet sjølv om ein i 2020 ikkje har hatt høve å samla elevane frå dei tre oppvekstområda på same måte som ein vanlegvis gjer.



Elevtal og prognosar grunnskulen

År:	Matre skule	Nordbygda skule	Sandnes skule	Totalt
2017	65	91	60	216
2018	62	96	64	222
2019	57	98	64	219
2020	51	92	67	210
2021	50	99	57	206



Matre skule

Me startar skuleåret alt 2.januar og det er ein anelse vinter. Men vinteren varer ikkje lenge før det går over i regn. Det er vått og surt. Men me klare for 2020. Me er spente på dette året . Blant anna fordi me skal få ein nylæreplan i august som me må førebu oss grundig på. Difor er det store satsingsområdet vårt denne våren «den nye læreplanen.»

For ungdomsskulen startar januar med vurderingar og karakterar frå arbeid gjort i haustsemesteret. Me summerer opp og gjer oss klare for neste semester, og for 10.klasse dei siste førebuingar før søknad til vidaregåande. Rådgjevar har føre seg eit intenst arbeid med å rettleia og gje gode råd. Hospiteringar og utplasseringar i arbeidslivet bør vera unnagjort i god tid før 1.mars som er den ordinære søknadsfristen. No bør kvar og ein veta kva ein vil, noko som slett ikkje er like enkelt. Erfaringar på Matre dei siste åra er at mange søker seg til yrkesfaglege studier. Nokre søker også på private skular, helst innan musikk, dans og drama.

10.klasse er også dette året med på «Klasse-quizen» i Nrk. Resultatet er flott, men ikkje heilt på topp. Andre elevar frå 5.-10.klasse deltek på TL-kurs. Dette er trivselsleiar-kurs som me har vore med på dei siste åra. Kursdeltakarane har gode miljøskapande tiltak for alle elevane i storefri nokre gongar i veka. Planlagte aktivitetar som ein kan velja å vera med på. Desse er svært populære.

Vintermånadane går som normalt til over vinterferien.Veret er for det meste mildt, vått og surt. Ikkje heilt uvanleg. No har me så smått høyrte prat om eit virus som spreier om seg. 12.mars kl. 15.00 er ikkje noko normalt lenger. Skulane stengjer ned og elevane vert sende heim med melding om å venta på ny beskjed. Ein annleis skule og skulekvardag er eit faktum. Fleire veker går, men 26.april kjem så 1.-4.klasse tilbake på skulen. 5.-10.klasse melder sin tilbakekomst 4.mai. Like smilande og glade som dei andre. Kanskje mest smilande er 10.klasse fordi det ikkje vert nokon eksamen denne våren. Covid 19 er viruset som set oss i heimeskule i mange veker framover.

Sjølv om det ikkje vert eksamen har me ikkje problem med å setja standpunktskarakterane. Elevane har jobba jamt over godt i heile perioden og har tileigna seg kunnskap også i denne vanskelege tida. I tillegg mykje kunnskap om data og tekniske ferdigheiter. På det området var denne perioden gull verdt.

Tradisjonelle sommaravslutningar vert det ikkje, men ei fin avslutning for 10.klasse i egne lokale. Det attpå til med vår største klasse på 12 elevar. Det vart ei fin markering.

Nytt skuleår starta på same måte som vårhalvåret slutta. Planleggings dagar på eigen skule, kohortar, anti-bac, avstandsreglar og anna. Elevane er flinke og tilpassar seg utruleg bra. Vår spesielle skuledag går greitt. Me har teke fatt på den nye læreplanen for 1.-9.kl. Elevane har faste klasserom, undervisninga er meir digital, digitale lærebøker då ingen nye lærebøker er kjøpte inn. Elevane lærer, arbeider og trivst. Dei fleste vil ikkje tilbake til heimeskule. Me må ha gymaktivitet utan dusjing, men det gjer ingenting så lenge me får gå på skulen.

Me har hatt svært lite sjukdom blant elevar og tilsette. Lite fråvær og heller ingen «koronasjuka». Alle har vore flinke å halda seg til gjeldande smittevernreglar. Til og med i haustferien vart det ikkje teke ut på lange turar eller reiser. Folk heldt seg ved sjøen eller på fjellet. Me klarte å ta med oss kohortene på tre ulike fjellturar i nærområdet ein dag i oktober då det var nydeleg haustver. Ei lita påskjønning då alle har vore flinke til å etterleva smittevernreglane over tid.

Som vanleg har det vore gjennomført juletentamen og ulike oppsummeringar for elevane. Men ingen juleavslutning felles. 21. og 22.desember vart dagane i år med JUL som tema. Gjort på ulikt vis i dei tre kohortane våre.

Fysiske tilhøve ved skulen

Nytt brannvarslingsanlegg kom endeleg på plass i løpet av sommaren. Det var viktig og veldig bra. No gjenstår opplæring for oss som har ansvar på huset.

I gymsalen har eit gammalt Eswa-anlegg nesten takka for seg. Her kan me ikkje opphalda oss utan å vera i full aktivitet. Til og med då er det kaldt.

Me slit også med varme på sløyd-og tekstilavdelinga. Gamle, gisne vindauge gjer romma utrivelege å opphalda seg i.

Nytt golvbelegg i gang i ungdomsskulen tok heile vedlikehaldsbudsjettet. Belegget frå 1984 gjekk heilt i oppløysing og vart erstatta av nytt i sommar.

Utstyr og læremidlar

I juni vart det bestelt inn pc-ar slik at det skal vera ein til kvar elev. I romjula og no i januar kom desse, så no skal me vera oppdaterte og på linje med dei andre skulane i kommunen.

Ein del lærebøker er digitale. Desse prøver me no ut i tillegg til at me har dei gamle bøkene. Me har ikkje kjøpt nytt då mange læreverk framleis er uferdige.

For dei minste elevane har me kjøpt inn eingongsbøker og i tillegg ulike lisensar som dekkar dei fleste fag.

Ressursar

Matre skule har ein svært stabil lærarstab. Lite sjukdom. Ingen vikarutgifter. Fleksible folk som går inn der det er behov. Der fleire klassar er samanslegne vert det praktisert tolærar-system. Me har dyktige spesialpedagogar og eit godt samarbeid rundt elevane. Elevane melder at dei er trygge og vert sett.

På assistentsida har me vore i overtal. Med sjukmeldingar i litt lengre periodar har me fått dette til å gå i hop utan å ta inn ekstra folk. Elevane har difor kjende fjes å forhalda seg til i dei aller fleste situasjonar.

Utsikter framover

Matre skule har no det lågaste elevtalet i historia. Dette er ikkje bra og eit dårleg signal for Indrefjorden. Bekymringa ligg mest på ungdommane som faktisk kan gå her i 10 år utan å få ein nær venn å vera saman med. Det er også vanskelg å ha fornuftige diskusjonar, gode samarbeidspartnarar eller grupper å høyra til i når det som i år er 19 i ungdomsskulen, om nokre år berre 13. Det sosiale miljøet er svært lite og det er svært bekymringsfullt. Dette er noko me ser meir og meir. Gode idear og gode løysingar må på plass. Det bør ikkje gå så lenge før noko må gjerast.

Nordbygda skule



Nordbygda fekk sommaren 2020 ny rektor. Den nye rektoren har i halvåret som har gått lært at Nordbygda skule har svært mange dyktige tilsette fagarbeidarar og lærarar. Dei er engasjert og genuint oppteken av at elevane våre skal få god læring og at dei skal oppleva å ha det trygt og godt på skulen.

Kalenderåret 2020 har vore eit krevjande år. Koronaviruset og smitteverntiltaka som er innført har prega drifta på mange måtar. Store delar av vårhalvåret var skulen heilt

stengt og elevane fekk digital heimeundervisning. Dette var ein ny og svært krevjande situasjon for både elevar, føresette og tilsette. Nordbygda skule har hausten 2020 hatt gult og raudt «nivå» i høve

smittevern for skular. Elevane på ungdomstrinnet har fått eit velidig redusert tilbod i tilvalsfaget «Arbeidslivsfag» grunna korona, og det meste av kroppsøvningsfaget har gått føre seg ute.

Me har ikkje hatt elevar eller tilsette som har vore smitta av viruset. Dei tilsette og elevane har vore svært fleksible og innstilt på raske endringar og ganske mange ad-hoc løysingar gjennom kalenderåret.

Dei nye læreplanane vert implementert no. Difor har hovudsatsingsområdet for oss på Nordbygda i år vore å gå i djupna på kva dette betyr for innhaldet i dei ulike skulefaga. Kva undervisningsmetodar skal/kan me nytta? Omgrep som «djupnelæring» og «tverrfaglege tema» er i fokus. Til hjelp i dette arbeidet nyttar lærarane m.a. dei ulike opplæringsmodulane som Utdanningsdirektoratet har laga.

Digital kompetanse er eit område som det er sett eit stort fokus på i dei nye læreplanane. Koronasituasjonen med innføring av digital heimeundervisning viste at det var eit behov for fornying av delar av elevmaskinparken. I romjula fekk me 40 nye datamaskinar til skulen. Dermed har 5.-10. klasse fått nye berbare maskinar.

Fleire av klassane våre brukar no nettbok i staden for papirutgåver av læreboka. Då skulen vart stengt i vår gav dette eit løft i høve å få utnytta potensialet som ligg i dei digitale læremidla.



Det vart lagt ny vakker takstein «nybygget» sommaren 2020 - om lag halvparten av bygningsmassen på skulen. Hausten 2020 har me fått nytt, balansert ventilasjonsanlegg i den eldste delen av skulen og ventilasjonsanlegget på resten av skulen har blitt oppgradert. Både den nyaste klasseromsfløyen og administrasjonsavdelinga treng sårt til innvendig oppussing. Også den eldste delen av skulen ber preg av at lite har vore gjort innvendig dei siste 15-20 åra.

Det tradisjonelle Julespelet vart i 2020 ein intern framsyning for tilsette og elevane; grunna smitteverntiltaka kunne me ikkje invitera føresette og bygdefolket slik tradisjonen er. Det er alltid kjekt å sjå korleis elevane gjer sitt beste når det gjeld.

Foreldra ved Nordbygda skule gjer eit viktig arbeid for skulemiljøet både gjennom FAU, men og også i det daglege. FAU har også i år laga til julelunsj (koronaversjon) i tillegg til andre sosiale arrangement. Dei strenge smittevernreglane har likevel sett mange av FAU sine tradisjonelle tiltak og møte på vent i 2020.

Sandnes skule

Skule og heim, - saman for glade, dyktige og spreke elevar

Sandnes skule i utvikling

Sandnes skule har fokus på pedagogisk digitalisering. Me har kjøpt inn og prøver ut ulike digitale program, både som læreverk og som verktøy i læringsprosessen slik at elevane kan vise kompetansar på ulike digitale flater. Me heldt på å utvikle ein IKT-plan for å sikre at elevane også får opplæring i digital dømmekraft. I samband med dekompprosjektet (desentralisert kompetanseheving, eit nasjonalt kompetansehevingsprosjekt) begynte Sandnes skule hausten 2020 å bygge ein digi-lab som skal innehalde podcastrom, green screen, 3D-printer, robotbane og andre digitale læringsfasilitetar som kan styrke elevane sin digitale dugleik.

Læreplanen, LK20, er tatt i bruk frå hausten 2020. Sandnes skule har hatt fokus på å arbeide med overordna del av læreplanen, i tillegg til å oppdatere vurderingspraksis. Digital kompetanse er ein viktig del av LK20. Skulen jobbar med LK20 framover.

Glade elevar

Elevundersøkinga: Undersøkinga hausten 2020 viser at elevane på Sandnes skule oppfattar skulemiljøet som godt. Skulen arbeidar kontinuerleg med å ha fokus på og ha oppdatert kunnskap om eit trygt og godt skulemiljø. Undersøkinga viser og at elevane opplever at dei vaksne på skulen bryr seg.

Dyktige elevar

Eksamens- og standpunktarakterar: Det er jamt over gode resultat på munnlege og skriftlege eksamenar. Skulen ligg høgt på grunnskulepoeng og elevane våre kjem inn på skulen dei ynskjer. Det er også lite fråfall frå vidaregåande skule.

Spreke elevar

Me ønskjer at elevane våre utviklar både fysisk kondis og læringskondis. Småskulen forskar nettopp på dette, korleis fysisk aktivitet og læring kan gå hand i hand for auka læringsutbytte. Aktiv læring og gode digitale løysingar skal vere med på å skape motivasjon, variasjon og uthald. Skulen har eit uteområde som legg til rette for aktivitet. Symjeopplæring vert lagd til bassenget på Matre skule. Me har open arena i gymsal i midttimane, felles fjelltur for heile skulen om hausten og skulen har sjølvstøtt besøk av MOT med jamne mellomrom som spreier glede og begeistring.

SFO

er open alle skuledagar i veka, 51 veker i året. Det er på det meste 20 elevar som nyttar dette tilbodet. SFO nyttar uteområdet, bibliotek og gymsalen til leik og anna aktivitet.

Leksehjelp

Skulen organiserer leksehjelp tysdag og torsdag for elevar frå 5. til 10.klasse. 12 elevar er meldt på dette tilbodet.

Samarbeid

Skule-heim: Arbeidet på skulen har vore prega av pandemisituasjonen i 2020. Under nedstenginga har samarbeidet med heimane vore heilt avgjerande for å få så gode skuledagar for elevane som mogleg.

Utover den lovpålagte skule-heim kommunikasjonen opplever



me, at det er kort veg til godt samarbeid med heimane. Skulen samarbeidar og med Masfjorden kulturskule, MOT og idrettsskulen. Me har tett samarbeid med helsesøster, PPT og barnevern når det er behov for det. Det er laga plan for samarbeid med barnehagen der mellom anna felles utedag og juleverkstad inngår som ein lekk i overgang til skulen.

Biblioteket, den kulturelle skulesekken og rikskonsertane er og viktige innslag i skulekvardagen.



Barnevern

Gulen og Masfjorden barnevernteneste med barn i fokus er visjonen vår. Barna har ein sentral plass i alt vi gjer. Tenesta har vore operativ heile året, og ein har laga arbeidsrutinar i samsvar med gjeldande reglar kring Covid-19.

Barneverntenesta har eit høgt faglegfokus og alle er særst fleksible på arbeidstida. Dei fleste tiltaka vert utført på ettermiddag/kveld, og sjølv om vi prøver å forskyve dagen, lar det seg ikkje alltid gjere.

I 20 hadde vi 28 meldingar i begge kommunane. Dette er ein bekymra nedgang frå 2019, og sakene som kjem er meir omfattande. Fylkesmannen var tett på og stilte spørsmål med nedgangen av meldingar i fleire kommunar. Ein undrar seg om det er Korona relatert. 45 born har fått eitt eller fleire tiltak frå oss i løpet av 2020. Vi har ikkje hatt avvik, men har utvida undersøkingstida i 1 sak. Dei fleste tiltak har vi utført sjølve, men har og kjøpt fleire enn før hjå Bufetat og andre eksterne.

Vi har hatt oppfølgingsansvar for fem fosterheimar. Desse skal ha oppfølging i høve skule, fosterheimen, biologisk foreldre og sysken, samtalar med barnet, tilrettelegging og rettleiing. Dette året har vi arbeida mykje kring tiltak utanfor familien. Krevjande saker der alle skal føle seg ivaretatt. Vi har tilsynsansvar for 10 barn frå anna omsorgskommune. Vi har hatt samlingar til og oppfølging av tilsynsførarane. Vi har og hatt ettervern av 3 unge, og ei adopsjonssak.

Det er blitt gjeve rettleiing i høve samlivsbrot/samvær som ikkje er registrerte som saker.

Vi er på alle 7 oppvekstområda, fleire gongar i veka. Der har vi samarbeid med fleire av skulane og barnehagane, og der låner vi rom til samtalar med barn og med foreldre.


- Vi har heimebaserte tiltak som vi utfører sjølve, desse er meir intensive og vi arbeider for å skape endring. Lova har endra seg frå tilstrekkeleg god nok omsorg til alle barn skal ha god utviklingstøttande omsorg. Korona tida har gjeve utfordringar på å gjennomføre tiltak etter gjeldande smittevernreglar til ei kvar tid.
- Vi er med i styringsgruppa til tre læringsnettverk i Vestland. Heile tenesta har delteke i sjølve læringsnettverket. Det eine læringsnettverket hat vi fått fullfinansiert frå Bufdir. Dette har vi saman med Høyanger og Hafs, samt helsesjukepleiarar i desse kommunane.
- Samarbeid med barnehagane- vi har vore på besøk i fleire barnehagar og vi har delteke på personalmøte, fysisk og på teams.
- Vi er med i tenestestøtteprogrammet frå RKBU saman med Osterøy, Vik, Hafs og Balestrand.
- Rådmannmøte 1 gong i 2020 med begge rådmenna (kommunaldirektør), og kommunalsjefar
- Tilstandsrapport vart lagt fram til kommunestyre i Gulen

Samarbeid

Barnevernet er ein del av Oppvekstteam. Vi har hatt to møter i året på dei 7 skulane og barnehagane som ynskjer å møte oss. Her blir ulike tema drøfta eller me gjev rettleiing i saker. Teamet består av helsesjukepleiar, ppt og barnvern.

Einingsleiar er ein del av barnevern leiar nettverksgruppa for alle kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Me har 4 møter i året.

Barnevernet er ein del av det psykososiale kriseteamet i Gulen, og tverrfagleg støtteteam i Masfjorden. Barnevern og helsesøstrene i



Netto driftsutgifter pr innb. i kr 0-17 (2018 og 2019 år, 0-22 år (2020) barnevernstenesta

begge kommunane har felles fagmøte om lag kvar 6 veke, dette året har det vore på teams.

Vi har felles fagdag med Havs barnevern.

Leiar deltek på einingsleiar møta i Gulen.

Vi har intern rettleiing på sakshandsaming, metodar, tiltak, lover og eigen vekst.

Vi har utvikla gode metodar og rutinar for å betre skriftleg dokumentasjon på faglege vurderingar i arbeidet vårt.

4. Utfordringar/utviklingsperspektiv

- Leiar har ikkje administrasjonstid, det gjev store utfordringar å ikkje ha avsett tid til leiaroppgåvene
- Auka kompetanse – vi er med i Tenestestøtteprogrammet i regi av Fylkesmann og RKBU, saman med Hafs, Høyanger, Osterøy og Vik
- Manglar tiltak som vi kan sette fort inn i ein familie – ein slags miljøarbeidar/heimekonsulent/rettleiar
- Barnevernsvakt – kommunen er ansvarleg for å ha barnvernsvakt -kven følger opp avtalen med Alver.
- Vere ein del av læringsnettverka i fylket
- Ha fokus på barna si stemme i alle faglegevurderingar - sluttrapport, vedtak og tiltaksplanar

Vaksenopplæring

Fram til juli 2020 hadde vaksenopplæringa 0,8 årsverk og ein tilsett.



Vaksenopplæringa gir opplæring i norsk for innvandrarak etter læreplanen som gjeld for introduksjonsprogrammet for flyktningar og andre innvandrarak i Masfjorden. I tillegg har skulen spesialundervisning for deltakarak heimhøyrande i kommunen med slike rettar.

I løpet av 2020 har vaksenopplæringa hatt fem aktive deltakarak frå fem nasjonar fordelt på dei ulike nivåa A1 – alfabetisering, A1, A2 og B1 nynorsk på dagtid. Dei fleste deltakarak som lærer norsk er spor 2- deltakarak. Masfjorden vaksenopplæring er eigen prøvesstad. Ein har gitt spesialundervisning til to deltakarak.

Pedagogisk grunnsyn

Trygt og ivaretakande læringsmiljø basert på respekt.

Vaksne har fulle og travle liv. Dei har ofte fleire språk dei beherskar og har mange ressursar med seg, men dei må lære norsk. Vaksenopplæringa skal hjelpe dei med det slik at dei får nytte potensialet sitt til det beste for seg sjølv og samfunnet rundt. I praksis betyr

det full fleksibilitet og tilpassa opplæring.

Samarbeidspartnarar

Andre kommunale tenester; flyktningetenesta, pleie og omsorg, helsetenesta og grunnskular/barnehagar, private verksemdar og NAV – alle som kan bidra til å fremje språkutvikling, integrering og arbeidskvalifisering

Resultat 2020

Deltakarakane heldt god progresjon og det er godt oppmøte til undervisninga (lågt fråver). Ein vurderer læringsutbyttet som godt. Seks deltakarak har gjennomført eksamen i samfunnskunnskap. Seks deltakarak har gjennomført eksamen i norsk, i dugleikane lesing, lytting, skriving og munnleg i 2020.

Frå august 2020 kjøper Masfjorden kommune tenester på vaksenopplæringsområdet av Alver kommune.

NAV Fensfjorden

NAV Fensfjorden er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen og det jobbar både statleg og kommunalt tilsette ved kontoret. Masfjorden kommune er vertskommune og dei kommunalt tilsette i kontoret er alle tilsett i Masfjorden kommune. Det jobbar totalt 16 personar ved kontoret fordelt på 13,8 årsverk og vi yter tenester til innbyggjarane i alle 5 kommunane. NAV Fensfjorden er organisert som ei teneste under rådmannen i Masfjorden kommune. Målet med å etablere ei interkommunal NAV-teneste for deltakarkommunane er å styrkje kompetanse, sikre stabilitet slik at brukarane får gode tenester med kvalitet. Å samle fem mindre kontor til eit fagfellesskap har vore utviklande både fagleg og med tanke på arbeidsmiljøet.

2020 har vore eit hektisk år for NAV Fensfjorden av fleire grunnar. I løpet av året har vi rigga ned kontorstader i 5 kommunar før vi i mai flytta inn i nye, flotte lokalar i Fensfjordbygg på Hosteland. Dei tilsette har vore involvert i planlegging og utforming av det nye kontoret. Sjølv flytteprosessen har vore krevjande med mykje rydding, arkivarbeid og flytting samstundes som vi heldt oppe produksjonen.

12. mars stengte Norge ned på grunn av korona-pandemien. For NAV har det vore svært arbeidskrevjande med arbeidsmengder vi ikkje før har opplevd på så kort tid. Mange bedrifter i heile landet måtte permittere og sei opp tilsette. Desse måtte registrere seg som arbeidssøklarar på NAV i tillegg til at dei måtte søkje om dagpengar. NAV måtte omdisponere ressursar internt i organisasjonen for å ha nok folk til å sakshandsame søknadar. Pågangen på telefon var stor og vi oppretta raskt ein vakt-telefon som folk kunne ringe til med spørsmål om økonomisk sosialhjelp. Godt samarbeid mellom kontora i region Nordhordland (Alver, Osterøy, Solund og Fensfjorden) har gjort at vi har kunne hjelpe verksemdar og arbeidssøklarar med informasjon og veiledning for den

krevjande situasjonen dei har vore i. Dei tilsette har jobba frå heimkontor mykje av tida under pandemien og det har fungert bra. NAV Fensfjorden har ope 2 dagar i veka på Hosteland. Ein kan tinge time for samtale i alle 5 kommunar alle vekedagar. Kontoret har ein desentralisert profil og reiser mykje rundt i kommunane når det er behov for det.

Visjon: Vi gir menneske muligheter

Visjonen gjenspeglar dei tre samfunnsmessige funksjonane NAV ivaretar:

- Mulighet for arbeid
- Mulighet for meningsfull aktivitet
- Mulighet for inntektssikring i henhold til lovfesta rettigheter

Arbeidsretta tenester

Individuell kartlegging, rettleiing og oppfølging, oppfølging av arbeidsledige, sjukefråver – aktivitetsplikt og dialogmøte, avklaring av arbeidsevne, arbeidsinkludering av utsette grupper, arbeidsmarknadstiltak, arbeidsgjevarkontakt – kompetanse- og rekrutteringsbehov, formidling av arbeidskraft til bedrifter, informasjonsverksemd

Sosiale tenester

Økonomisk sosialhjelp, opplysning, råd og rettleiing, gjeldsrådgjeving, midlertidig butilbod, Kvalifiseringsprogrammet, forebyggje sosiale problem, individuell plan ved behov for koordinerte og langvarige tenester, spre kunnskap om sosiale forhold og tenester i kommunen, utvikle sosiale tenester i NAV v/prosjekt Marknadskontakt i NAV

Yting til livsopphald	2019: 1 680 025	2020: 1 581 513
-----------------------	-----------------	-----------------

Gjeldsrådgjeving

NAV Fensfjorden har gjeldsrådgjevar ved kontoret som og samarbeider med gjeldsrådgjevarteamet i NAV region Nordhordland.

Helsetenesta

Koronapandemi

2020 har vore eit annleis år, der pandemi og fokus på smittevern har prega mykje av arbeidskvardagen vår. Den første tida etter at pandemien kom til landet var det begrensa oppmøte på legekantoret og timeavtalar utgjekk dersom dei ikkje var naudsynt av helsemessige årsaker. Konsultasjonar og oppfølging mellom lege og pasient føregjekk då mykje over telefon. Dette for å hindre smittespreiing og får å kunne handtere oppgåver og henvendingar knytt til korona. Etter kvart endra situasjonen seg og ein kunne gradvis auka opp med vanlege konsultasjonar igjen.

Me har sidan Korona kom til landet, arbeidd med rutinar og prosedyrar for smittevern etter råd og retningslinjer frå helsemyndighetene. Det har vore mykje digital møteverksemd ilag med den kommunale kriseleiinga, der blant anna vedtak og skriv frå helsemyndighetene har blitt drøfta. Kommuneoverlege/smittevernlege Rolf M. Tande har hatt ei sentral rolle i dette arbeidet, og i arbeid med rettleiing og rådgjeving til private, kommunale og frivillige instansar.

Legetenesta, i samarbeid med helsestasjonen, har hatt ansvar for TISK strategien (testing, isolering, smittesporing og karantene) under pandemien. Det har vore jamn testing for Korona gjennom heile året, men med periodar med mykje testing når det har vore påvist Korona i kommunen. Me fekk i oktober flytta teststasjonen frå det gamle legekantoret til garasje på baksida av Fensfjord bygg. Dette har forenkla testarbeidet og betra arbeidstilhøva for dei som gjennomfører testing.

Helsesjukepleiar tenest



Helsesjukepleiar tenesta i Masfjorden hadde i 2020 140 % fast stilling og ei prosjektstilling på 80 %. Randi Ulvøy arbeida i 80 % stilling som helsesjukepleiar i Masfjorden.

Marta Midtbø arbeida i 80 % stilling som helsesjukepleiar, 60 % i Masfjorden og 20 % i Modalen, då Modalen kjøper teneste frå Masfjorden. Ida Eide har vore tilsett i 80 % prosjektstilling og jobba ved helsestasjonen og i skulehelsetenesta.

Jordmortenesta

I jordmortenesta er Valborg Nes tilsett i 20 % stilling. Ho er i Masfjorden ein dag i veka, kvar onsdag. Masfjorden sel jordmorteneste til Gulen kommune



i 10 % stilling, dei gravide går til jordmor i Masfjorden.

Helsestasjonen

Helsestasjonen har i juni 2020 flytta inn i nye lokalar i Fensfjordbygg. Dette gav oss betre plass og fleire kontor. Betre kapasitet til konsultasjonar og grupper.

Helsestasjonen tilbyr tett oppfølging frå fødsel og framover mot 5 års alder etter gjeldande retningslinjer for tenesta. Fleire av dei fødande reiser tidlegare heim frå sjukehus. Dette medfører auka behov for fleire heimebesøk etter fødsel. Helsestasjonen i Masfjorden er godkjent som ammekyndig helsestasjon. Vanlegvis har helsestasjonen i lag med kommunefysioterapeut Lene R. Danielsen arrangert småbarnstreff kvar månad, men på grunn av korna har ikkje dette vore mogleg å gjennomføre i 2020. Helsestasjonen har kompetanse til å tilby foreldrerettleiingsprogramma COS (Circle of security), ICDP (International Child Development Programme) og PMTO (Parent Management Training Oregon).

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta tilbyr vaksinasjon, samtalar og vekstkonsultasjonar på skulane etter gjeldande statlege retningslinjer. I 2020 har skulehelsetenesta hatt faste dagar på skulane. Auka tilgjengelegheit har ført til at fleire elevar, foreldre og lærarar tek kontakt med skulehelsetenesta. Prosjektmidlar gjev moglegheit for meir tilgjengelegheit, meir undervisning i klasse og gruppe. Skulehelsetenesta har i 2020 tilbydd undervisning i Psykologisk førstehjelp til alle i 2, 5 og 8 klasse. Det har vore gutte- og jentegrupper ved fleire trinn på nokre av skulane. I tillegg har det blant anna vore undervisning om vold og overgrep, pubertet til 5-7 klasse og seksualitet på ungdomsskulen.

Miljøretta helsevern

Helsestasjonen har tilbydd influensa- og pneumokokkvaksiner til risikogrupper. Det har vore vaksinedagar på Solheim, Risnes og Sandnes.

Reisevaksiner

Helsestasjonen gjev tilbod om rettleiing og vaksiner når innbyggjarane har behov for det.

Tverrfagleg samarbeid

- Samarbeider tett med andre i helsetenesta for å få rett hjelp til barn og unge tidlegast mogleg.
- Deltaking i ansvarsgrupper, koordinator for enkeltbarn som har individuell plan. Følgjer desse barna til dei er 18-20 år gamle.
- Fast samarbeid med barnevern. Tett samarbeid i enkeltsaker.
- Tett samarbeid med barnehagane i kommunen både på generelt plan og i enkeltsaker.
- Fast samarbeid med PPT både i familiesaker og i oppfølging av barn med psykisk-, sosiale-, og lærevanskar.
- Samarbeid med psykisk helse i kommunen i enkte saker
- Samarbeider med BUP- Nordhordaland i oppfølging av tilviste barn/unge og kan konsultere BUP ved behov for rettleiing i enkeltsaker.

Fysioterapitenesta

Fysioterapitenesta i Masfjorden kommune består av ein kommunal fysioterapeut tilsett i 100% fast stilling, og ein sjølvstendig næringsdrivande fysioterapeut med 100 % driftsavtale med kommunen.

Fysioterapeutane sitt kunnskapsfelt er kropp, bevegelse og funksjon. Fysioterapeuten har brei kunnskap om bevegelsessystemet sin oppbygging og funksjon hjå frisk og sjuk og om korleis fysiske, psykologiske og sosiale faktorar bidreg til helse og sjukdom. Målet med fysioterapi er å identifisera og optimalisera livskvalitet og bevegelsespotensial innanfor helsefremmjande, forebyggjande, behandlande og rehabiliterande/habiliterande verksemd.

Kommunefysioterapeuten jobbar mest med aldersgruppa 0-18 år, funksjonshemma, heimebuande eldre og bebuarar på sjukeheimen.

Hovudoppgåver i tenesta

- Gje born/unge vaksne god habilitering /rehabilitering ved skade og /eller sjukdom som treng kort eller langvarig oppfølging. Det er eit tett samarbeid mellom helsesøster og kommunefysioterapeuten om born som har behov for oppfølging.
- Kommunefysioterapeuten har og eit tett samarbeid med hjelpemiddelansvarleg vedkomande hjelpemidlar til born/unge vaksne.

Det er og eit tett samarbeid med personalet i Svingen avlastning om dei brukarane som er der.

Det vert gitt informasjon og rettleiing i skule/barnehage der dette er naudsynt, anten på generell basis eller rundt enkelt born/elevlar.

- Å gje behandling og legge til rette for rehabilitering for eldre som bur fast eller midlertidig på sjukeheimen etter å ha blitt utsett for funksjonsfall etter skade eller sjukdom. Det blir og gitt behandling til heimebuande eldre med funksjonsfall som har vanskeleg for å koma seg til fysioterapeuten av ulike årsaker.

- Helsefremmjande og førebyggjande tiltak er t.d. månadleg småbarnstreff i samarbeid med helsesøster og trim på seniortreff. I 2020 vart det berre arrangert to småbarnstreff grunna Covid 19.

- Kommunefysioterapeuten har eit tett samarbeid med hjelpemiddelansvarleg i fht hjelpemiddelformidling og rådgjeving i hjelpemiddelsaker.

- Kommunefysioterapeuten deltek i Koordinerandeeining KE- blant anna med tildeling av IP, utnemning av koordinator til aktuelle brukarar, oppfølging av koordinatorar. Informasjonsarbeid i fht rehabilitering/habilitering der det er naudsynt. Det er forvaltningskontoret som tar i imot søknader og handsamar desse i samarbeid med resten av teamet. Fysioterapeuten er lokal administrator for det digitale verktøyet Sampro som vert nytta til Individuell plan for dei brukarane som treng det.

- Kommunefysioterapeuten er med i prosjektet «Din kvardag tel». I 2020 har dette prosjektet vorte satt på vent. Me ser fram til å starte opp att med dette i 2021.

- I 2019 vart prosjektet «Trening for alle» starta opp. Dette er eit samarbeid mellom tenesta for psykisk helse, legekantoret og kommunefysioterapeuten. Dette har vore drifta vidare i 2020. Me har endra litt på tidspunkt for oppmøte i løpet av året og dette har vore positivt for deltakinga. No er det ca 7-12 stk som møter opp i kvar grend. I Nordbygda har me møttest vekentleg på Hosteland måndagar ved idrettsbana kl 11.00. På Sørsida har vi frå oktober 2020 møttest ved butikken på Kvingo tirsdagar kl 14.15. I Indrefjorden har helselaget tatt over drifta. Dei møtast på Haugsvær ved butikken tysdagar kl 10.30. Opplegget er at vi går tur og gjer øvingar for styrke og balanse tilpassa nivået til dei som deltek.



Det er viktig for Kommunefysioterapeuten å jobbe tverrfagleg med andre yrkesgrupper for å sikre ein best mogleg oppfølging og betring i funksjon

hjá den einskilde som har behov for det.

Kommunefysioterapeuten har vore ein pådrivar for bruk av Motiview syklane som er på Masfjorden sjukeheim. Dei bebuarane som ønskte og brukarar av dagsenteret deltok på Sykkel- VM for eldre hausten 2020.

Kommunen har og 4 mobile sykklar, som heimetenesta brukar i si teneste i samarbeid med fysioterapeuten. Dette er eit populært tiltak blant dei aktuelle brukarane.

Fysioterapeut med driftsavtale

Fysioterapeut Gro Serine Baarøy, som arbeidar med driftstilskot frå kommunen, flytta i april 2020 over til nye flotte lokale i 2.etasje ved Fensfjordbygg, der ho i hovudsak behandlar unge og vaksne frå 16 – 90 år. Samlokalisering med legekontor, helsestasjon, psykisk helseteneste, heimeteneste, forvatningskontoret og NAV gjer at det ligg godt til rette for tett tverrfagleg samarbeid. Gro Serine har òg tett samarbeid med kommunefysioterapeut Lene, og dei fordelar pasientar utifrå retningslinjer dei har einast om i samråd med kommunen.

Teneste for psykisk helse og rus

Masfjorden psykiske helseteneste gjev tilbod til brukarar i alle aldersgrupper og deira næraste.

I koronaåret 2020 har vi hatt litt tilpassa opplegg. Vi har i periodar ikkje møtt alle brukarar fysisk, men har hatt telefonkontakt med alle løpande.

Psykisk helse har 1,8 årsverk. Fagleiar psykisk helse og rus / spesialsjukepleier Dag Haarklau i 100% stilling og sjukepleiar Monica Rognved i 80% stilling. Frå 24.08.20 har sjukepleiar Monica Rognved teke til med vidareutdanning psykisk helsearbeid på deltid over 2 år. I denne perioden vil ho jobbe ca. 50% stilling i psykisk helse.

Kommunepsykologstillinga har vore lyst ut, utan at ein pr dags dato har fått nokre søkjarar. Ein jobbar vidare med eit prosjekt for å rekruttere og halda på psykolog i kommunen. Dette er no eit interkommunalt prosjekt.

Informasjon

På heimesida til Masfjorden kommunen er det lagt ut informasjon om det kommunale psykiske helsetilbodet; kva me gjer og korleis komme i kontakt med oss. Det er understreka at dette skal vere eit lågterskel og gratis tilbod. Her er også eit skjema ein kan nytte dersom ein ønskjer å sende skriftleg førespurnad.

Lokalitetar

Psykisk helseteneste held til på Hosteland ved butikken. Frå 08.06.20 har vi flytta inn i det nye Fensfjordbygget. Vi held til i 2. etg. Elles har vi tilgang på eit kontor /møterom på kommunehuset på Sandnes samt eit lite samtalerom på Matre i tilknytning til omsorgsbustadane der.

Dei fleste brukarane reiser me heim til enten det no er av praktiske grunnar (har ikkje bil eller skyss) eller av di tilstanden deira tilseier at det er det beste. Å møte brukarane på heimebane kan i mange tilfelle vera nyttig. Men i koronaåret 2020 har vi hatt litt tilpassa opplegg. Vi har i periodar ikkje møtt alle brukarar fysisk, men har hatt telefonkontakt med alle løpande.

Brukarane

Psykisk helseteneste har kontakt med brukarar og pårørende der problematikken er av svært ulik alvorsgrad og omfang. Me har kontakt med menneske med lettare psykiske lidningar, livskriser, familiekonfliktar, samansette vanskar, sorg, traumar, rusproblem, tung psykiatri med meir. Tenesta arbeider såleis både med kartlegging, behandling av kortare varigheit, henvisning til spesialisthelseteneste og langtidsoppfølging av meir alvorleg problematik.

Som tidlegare år har ein også i enkelte saker støtta med praktisk hjelp i samband med flytting, innkjøp av klede og mat, kjøring og følgje til helsetenester og anna. Dette er typisk knytt til menneske som er utrygge, har lite nettverk og er generelt sårbare. Desse har ofte ei varierende dagsform som gjer at det ikkje er så lett for ukjente å skulle bidra. Som eit ledd i å trygge brukarane, styrke relasjonen og bygge tillit kan slik praktisk hjelp og støtte forsvare ressursbruken.

Det er framleis flest vaksne som sjølv kontaktar eller vert sett i kontakt med psykisk helseteneste, men både Nav, barnevern, helse-søster og lege er gjerne kontaktledd.

Tverrfagleg arbeid

Psykisk helsetenesta jobbar tverrfaglege med pleie og omsorg, lege, barnevern, helsesjukepleiar og kriseteam i eigen kommune. Ein jobbar og tverrfagleg med spesialisthelsetenesta; Voksenpsykiatrisk Poliklinikk (DPS) og Barne og Ungdomspsykiatrisk Poliklinikk (BUP).

Ein jobbar og interkommunal i Fagråd for psykisk helse og rus med samling ca. annakvar månad. Her er alle kommunane i region Nordhordland representert.

Planar og prosjekt

Kommunen har vedteke å lage oppdatert Plan for psykisk helse og rus. Dette arbeidet har lagt i startgropa ei stund. Der er ein del endringar i krav til kommunale tenester for psykisk helse og rus og samstundes er der ein del endringar i kommunestrukturen i regionen. Dette gjer at saka har lege litt på vent.

Psykisk Helse har starta opp tiltak med bassentrening i Modalen x 1 veke for brukarar. Ein har fått ein god avtale med Modalen Kommune. Vatnet i bassenget der held god varme som er gunstig for ein del av desse brukarane. Brukarar som ikkje har tenester frå Psykisk Helse, har og kunne delta.

Vi deltek og i prosjekt «Trening for alle». Dette drivast i samarbeid med Kommunefysioterapeut. Her har ein tilbod om ein morgontur/-trening x 1 kvar veke i kvart bygdela.

Legetenesta

Tilsette

Legekantoret har tre kommunalt tilsette fastlegar, Rolf Martin Tande, Rolf Magnus Sleire og Willy Davidsen Raa. Tande og Sleire har begge spesialitet i allmenmedisin, medan Davidsen Raa er under utdanning som ALIS-lege, dvs lege under spesialisering i allmenmedisin. Sleire er også tilsynslege ved Masfjorden sjukeheim, medan Tande har funksjon som kommuneoverlege og smittevernlege. I juli 2020 blei Davidsen Raa fast tilsett i kommunen, etter å ha vore mellombels tilsett i utdanningsstilling.



Me takkar Kirsti Areklett for den gode innsatsen ho har gjort ved legekantoret og for Masfjorden kommune



Som ein del av drifta ved legekantoret har me også turnuslegar. Gjennom året har me hatt to turnuslegar som har vore seks mnd kvar. I tillegg har me hatt to legestudentar, seks veker kvar. Eit viktig tiltak med tanke på rekruttering av legar til kommunen og fastlegeyrket, er å tilby turnuslegar og studentar praksis hjå oss. Dette er også lærerikt og fagleg utviklande for legekantoret.

Av hjelpepersonell er me tre tilsette fordelt på 2,8 årsverk. I januar blei Trude Fykse tilsett som helsesekretær, medan Kirsti Areklett (bioingeniør) gjekk av med pensjon i juni. Trude Fykse (helsesekretær), Anne Kari Mjanger (bioingeniør) og Malin Daae Steine (sjukepleiar) utgjer no hjelpepersonellet ved legekantoret.

Tenester

I hovudsak utfører legetenesta allmenntedisinske tenester i form av avtalte konsultasjonar. Men legekantoret har også legevakt i kommunen på dagtid kvardagar, og tar imot pasientar med behov for akutt og øyeblikkeleg hjelp. Dette inneber at legen kan få uforutsette akutte oppdrag som må løysast innimellom konsultasjonar, både på legekantoret eller at legen rykker ut på oppdrag. På kveld, natt og helg får Masfjorden kommune sine innbyggjarar legevaktstenester ved Nordhordland legevakt i Knarvik. Me kan også nytte deira teneste på dagtid dersom det er behov for det eller det av medisinske årsaker er mest hensiktsmessig at pasienten reiser direkte mot legevakt og Bergen.

Fastlegen er ofte pasienten sin første kontakt inn mot helsetjenestene og er viktig i koordinering av pasienten sitt behov for medisinske tenester. Han er også sentral i samarbeid med andre kommunale tenester, og deltek i tverrfaglege møter med tenester som NAV, psykiatritenesta, helsesøster, fysioterapeut og pleie- og omsorg.

Nye lokale

I juni flytta legekantoret inn i nye flotte lokale i Fensfjordbygg. Dette har gitt oss fleire kontor og betre plass, som har gjort at me lettare kan handtere fleire konsultasjonar og ting som dukkar opp i løpet av dagen. I Fensfjordbygg er me også samlokaliserte med fleire tenester som me samarbeidar tett med.

Trening for alle

«Trening for alle» har også i 2020 vore eit tilbod til innbyggjarane våre. Dette er eit lågterskeltilbod, med fysisk aktivitet ein dag i kvar sone. Ein går tur og gjer øvingar for styrke og balanse tilpassa nivået til dei som deltek. Ansvarleg for denne aktiviteten er kommunal fysioterapeut og sjukepleiar i psykisk helse.

Økonomi

Reknskapen i 2020 viser eit samla overskot på legetenesta.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorgstenesta omfattar forvaltningskontoret, heimetenesta, Masfjorden sjukeheim og tenester til funksjonshemma.

Forvaltningskontoret for helse og omsorg

Alle søknader om tenester i pleie- og omsorg vert registrert og følgt opp av forvaltningskontoret i samarbeid med aktuelle avdelingar og tiltaksrådet. Gjennom tiltaksrådet sikrar ein at pasientar og brukarar får gode tenester etter BEON- prinsippet, best effektive omsorgsnivå.


Koordinerende eining er eit team leia av forvaltningskontoret som arbeider med å følgje opp brukarar som har behov for langvarige og koordinerte tenester. Teamet har utarbeida ein temadelplan for koordinerende eining, individuell plan og koordinator i tillegg til prosedyrar som skal sikre god oppfølging på dette området.



Velferdsteknologi

Masfjorden kommune er prosjektansvarleg for eit interkommunalt velferdsteknologiprojekt som starta i 2017 saman med alle nordhordlandskommunane og Vaksdal kommune. No er også Austevoll, Bjørnafjorden, Voss, Samnanger, Ulvik, Eidfjord, Kvam og Kvinnherad kome med i prosjektet.

Status i vår kommune er at alle tryggleiksalarmane me har i drift kan koplast til ulike sensorar som til dømes dørsensor, røykvarslar, fallsensor, bevegelsessensor, sengesensor, lydsensor m.m. Pr i dag



Netto driftsutgifter pr innb. i kr helse- og omsorgstenesta

har me 4 tilbud om lokaliseringsteknologi med GPS, 3 brukarar som får elektronisk medisineringsstøtte og 2 rom på sjukeheimen har teknologi for digitalt tilsyn. Teknologien er teke i bruk i heimetenesta, på sjukeheimen og er planlagt nytta i dei nye omsorgsbustadene for funksjonshemma som opnar i 2021. Føremålet med prosjektet har vore å tilby løysingar som kan medverke til auka tryggleik, meistring og fridom for brukarane. Det er eigne ressurspersonar i dei ulike tenestene som fyljer opp, og som vegleier personalet i innføring og bruk av desse løysingane.

Teneste	Tal på brukarar som har mottatt teneste i 2020
Praktisk bistand	55
Helsetenester i heimen	98
Dagsenter	23
Matombringning	41
Tryggleiksalarm	64
Støttekontakt	10
Avlasting i institusjon	9
Avlasting utanfor institusjon	12
Sjukeheimen	Tal på opphald i 2020
Kortidsopphald	34
Langtidsopphald	34
Dødsfall	19
Omsorgsbustadar	
Bebudd	21
Ledige	2 Matre, 2 Haugsvær, 1 Sandnes
	1 av dei ledige på Matre er innreia til Koronabustad

Sjukeheimen (Omsorgsavg/Nystova)

Sjukeheimen har totalt 31 rom med bad og 2 rom utan bad. Me har arbeidsstove/fellesstove som er open alle kvardagar. På arbeidsstova/fellesstova er det også dag tilbod for heimebuande som treng dag tilbod og fellesskap. Sjukeheimen yter tenester til pasientar innan psykiatri, demens, rehabilitering, kreft, omsorg ved livets slutt og andre medisinske sjukdommar.



Mål for 2020 er å fortsette å være ein 5 stjernes sjukeheim som ivaretek heile mennesket ved å gje god medisinsk behandling og meningsfylte kvardagar. Me ynskjer å yte gode individuelle tenester og service til både bebuar og pårørande. Det skal også være ein god arbeidsplass for tilsette med eit godt arbeidsmiljø, godt samarbeid og faglig utvikling.

2020 har vore eit spesielt år for oss. I mars vart det påvist Covid-19 virus i Noreg og ein vart tvinga til å tenke annleis. Sjukeheimen vart stengt ned ein periode for besøk og arbeidsstove. Ein vart spesielt bekymra for at bebuarar ved sjukeheimen skulle få viruset. Etter kvart opna me opp for besøk att, men med litt meir kontrollerte besøk en me vanlegvis har. Besøk måtte det avtalast på førehand, registrerast og besøket vart gjennomført etter gjeldande smittevernsreglar, fyrst på arbeidsstova med oppmålt avstand, etter kvart opna me for besøk på romma att. Etter kvart opna arbeidsstova att for heimebuande eldre, ein nytta då helselagsstova til å samlast slik at me unngjekk for mange utanfrå inn på sjukeheimen. Personalet har fått oppmoding om å ha minst mogeleg nærkontakt og sosial deltaking. Etter kvart har dette blitt normalen og sjølv om me håpar på eit opent og smittefritt 2021 har det trass alt gått bra. I høve fokus områder har Covid-19 og smittevern hatt ei sentral rolle i høve førebygging, akutte tiltak og fagleg oppdatering. Marit Andersen Nesse er leiar for sjukeheimen og i juni vart Tina Korsøen Fjellby ansatt som assisterande leiar ved sjukeheimen.

Økonomi

Budsjettet går sånn omtrent i balanse, det er eit overforbruk på sjukevikar og overtid. Det har gjennom heile 2020 vore fleire sjukemeldte samstundes, i tillegg kjem ferieavvikling, eigenmeldingar, velferdspremisjonar og borns sjukdom. Covid-19 har også ført med seg fleire eigenmeldingar då det skal være lav terskel for eigenmelding sjølv ved milde symptom. Fyrste del av 2020 var det lavt pasientbelegg ved sjukeheimen, i perioden tok me inn minimalt med vikarar og me gjekk med mindre personale. Frå sommar halvåret og fram mot jul har ein hatt høgare belegg og det har vorte avhalde fleire korttidsopphald.

Det har også vorte gjort ein del ekstra innkjøp grunna Covid pandemien, sjukeheimen har kjøpt inn til heile kommunen. Me har også større utstyrslagen enn vanleg.

Personalstatus

Det er 46 tilsette ved sjukeheimen det er sjukepleiarar, fagarbeidarar og assistentar i ulike stillingsstorleikar. Me er 13 sjukepleiarar, 19 fagarbeidarar, 13 assistentar og 1 lærlingar. Den eldste som arbeider her er 66 år medan den yngste er 16 år. I eit kvinnedominert yrke er me heldige og har 2 menn i faste stillingar. I tillegg har me 2 merkantil (kontormedarbeidarar) og 1 aktivitet på arbeidsstova. Me har godt samarbeid med fysioterapeut, lege, heimetenestene og hjelpemiddelavdeling.

Året 2020 på sjukeheimen

I 2020 har det vorte stort fokus på smittevern og nytenking i høve Covid-19. Me har laga beredskapsplanar og eigen turnus i fall me skulle få smitte. Korttidsavdeling er sett i beredskap for å kunne motta og verte drifta med ev. Covid-19 smitta.



Brann øving i år vart halde digitalt, der personalet har teke brannvernkurs for institusjon på Veilederen.no.

Me har gjennomført to vernerundar, den fyrste med fokus på fysisk miljø og den andre med fokus på psykososialt miljø.

Me har gjennom heile året fokus på god omsorg og fagleg forsvarlege tenester.

I mars tok me i bruk det nye signalanlegget. Det har vore nokon «barnesjukdommar» i oppstartsfasen, men anlegget er eit moderne og godt varslingssystem. Anlegget er levert av Atea a/s.

2 sjukepleiarar har tatt vidareutdanning i akuttsjukepleie for eldre.

Kjøkkenet

Kjøkkenet ved Masfjorden sjukeheim har som mål å levere gode og næringsrike måltid på sjukeheimen og til dei som får levert middag heime. Kjøkkenet tilbyr og spesialkost til dei som treng det av ulike grunnar.

Det har vore mykje diskusjon rundt kor tid det beste tidspunktet for middags servering er, både internt på sjukeheimen og i media. Dei aller fleste bebuarane på Masfjorden sjukeheim får no middag kl 16.00, men brukarar på dag tilbod får servert middag kl 1300, om dei ynskjer det.

Vi produserer mellom 50 og 60 middagsporsjonar kvar dag. Om lag 20 porsjonar blir pakka i porsjonspakningar før dei blir sendt ut og fordelt til heimebuande i Nordbygda og på Sørsida. Dei middagane som vi pakkar og sender ut til heimebuande er ferdig pakka til kl 1200.

Kjøkkenet lagar lunch til pleie- avdelingane til kl 1200. Middagen til avdelingane med sein middag blir laga ferdig og sett i varmevogn til den blir servert.

Når bebuarane har bursdag lagar vi blautkake, eller kake etter eige ynskje, til den aktuelle avdelinga. Mor- og farsdagar blir også markert med kremkaker.



Me har deltatt på Motitec sitt arrangement «sykkel VM for eldre», hatt bålpanne kos i hagen, bakedagar, skulen og barnehagen har sunge til oss på utsida av sjukeheimen og me har fått pepperkakehus frå barnehagen m.m.

Alle dei sosiale samankomstane me har tradisjon for å avhalde som basar, konsertar, trekkspel, seniordans osv har dessverre gått ut grunna Covid-19. Me har likevel forsøkt å gjere kvardagen så god som mogeleg med aktivitetar arrangert av personal.

Kvar tysdag og torsdag lagar vi lunsj som personalet på sjukeheimen kan kjøpe. Det kan vere varm lunsj, brød, rundstykke eller horn med diverse pålegg.

Økonomi

På grunn av Korona-pandemien har vi hatt veldig lite catering leveringar, då vi for det meste leverer mat til møte og andre samankomer.

Talet på brukarar, både på sjukeheimen og heimebuande, er alltid i edring. Dette påverkar økonomien. Utgifter til innkjøp av næringsmidlar og plastemballasje/pakkefolie, vil også variere.

For å følgje opp regelverk i høve til offentleg anskaffing, bestiller vi varer på E-handel, og vi er under Bergensavtalen.

Personalstatus

Kjøkkenet ved Masfjorden sjukeheim har tildelt 2,3 årsverk, der 1,9 årsverk er kokk og 0,4 årsverk er assistent. I mai vart den eine lærlingen vår uteksaminert som kokk og slutta. Lærekontrakten med lærekandidaten gjekk ut i september, etter den tid fortset ho i jobb på kjøkkenet i regi av NAV.

I 2020 har vi hatt 46 timar med sjukemelding, og 131 timar med eigenmelding, totalt 220 timar sjukdomsfråvær. Av desse har vi dekkja inn 35 timar med sjukevikar. På grunn av lite vikarar, spesielt på helg, har vi måtta ty til overtid, 15 timar totalt. 2020 har vore eit godt år for oss på kjøkkenet, vi har hatt ein nedgang i sjukefråvær samanlikna med år 2019, sjølv om vi har hatt nokre karantene dagar på grunn av Korona epidemien. Timar brukt på overtid er lågare enn i 2019, men bruk av sjukevikar har gått litt opp etter at lærlingen vår vart ferdig med læretida.

Vaskeri og reinhald, bygg og anlegg

Mål: På vaskeri og reinhald ynskjer me å yte gode reinhaldstenester for bebuarar, pårørande/besøkande og dei tilsette på sjukeheimen.

På vaskeriet utfører me vask og handtering av privat og felles tøy til bebuarane, og dukar og gardiner til huset. Avdelinga vaskar også arbeidskleda til personalet på sjukeheimen, heimetenesene og legekantoret. Me utfører også mindre vaskerioppdrag

for privatpersoner og småbedrifter. Me ordnar med merking av bebuarane sine privatklede, og mindre reoperasjoner av tøyet. Reinholdarane jobbar etter ein reinholdsplan som er fastlagt for heile sjukeheimsbygget, som inneber alt frå dagleg reinhold til periodisk reinhold og vedlikehold, og boning av golv. Reinholdarane våre er fleksible og må gjerne gjere om på dagsplanen for å vaske ned rom på kort varsel.

Vaktmeistrane våre er allsidige og fikser på alt frå hjelpemiddel og anna inventar og utstyr så langt det let seg gjere, plenklipping, hekktrimming og måking og strøying på vinterstid m.m. Elles har dei oversikt på det tekniske anlegget.

Personalstatus

På vaskeri og reinhold har me eit årsverk på 2,9 fordelt på 5

personer. Masfjorden sjukeheim har 2 vaktmeistrar fordelt på 0,7 årsverk.

Økonomi

På vaskeriet måtte me i starten av året investere i ny tørketrommel då den eine me hadde «takka for seg». Elles har corona-situasjonen dette året gjort sitt til at me har hatt større utgifter på forbruksvarer som håndsprit og hanskar.

På bygg og anlegg har me hatt bra kontroll på økonomien dette året. Største grunnen til det, er nok at me tidlegare har måtte leige inn kompetanse på alle elektriske problem på bygget, men etter at kommunen ansette elektrikar på teknisk, har han ordna mykje av dette.

Svingen bu – og avlastingsteneste

I Svingen tilbyr kommunen avlasting og butilbod til barn og unge med særskilde behov og funksjonsnedsettingar. Me tilbyr heildøgns- og dagavlastning, skuletilbod og fritidstilbod. Avlastinga er bemanna 24/7. Det er eit felles dagtilbod måndag og fredag på Einekavane. Dette er eit samarbeid mellom Einekavane, kommunen, kulturskulen og avlastingstenesta. Her tilbyr me musikkterapi og andre fellesaktivitetar for gruppa i eit tilrettelagt miljø på Matre. Det er og tilbod om bassengterapi i Modalen onsdagane. Me arbeidar for at brukarane med tilrettelagte dagtilbod skal få ein variert kvardag med arbeidspraksis i bedrifter i nærmiljøet, ADL-trening, dataopplæring, musikkopplæring, vaksenopplæring, fysisk aktivitet og sosial trening. Me har som mål å tilretteleggja og tilpassa miljøet og gje brukarar ein trygg, forutsigbar og meningsfylt kvardag.

Felles julebord for brukarane og foreldre vart dessverre ikkje i år då coronaen ikkje tillot dette. Det har heller ikkje vore moglegheiter for andre fellesaktivitetar.

Personale

Det er 15 tilsette i ulike stillingsstorleikar, som til saman utgjer 11,7 årsverk. 1 lærling og 1 TAF- lærling. Svingen har hatt første lærling som har avlagt fagprøven her og det gjekk strålande. Elles har me hatt eit utfordrande år med høgt sjukefråvær. Julebord for personalet vart vanskeleg å gjennomføra, så me satsa på at me kan få ta det igjen i 2021.

Kompetanseheving

Me har i år fått avslutta kursdel 2 av «Mitt livs ABC». Dette er ein påbyggingsperm med ulike faglege tema, der målet er å bidra til betre livskvalitet og sikre gode tenester til brukarane. I tillegg går ein tilsett på fagskule i miljøarbeid i tenester for menneske med utviklingshemming.

Nytt bygg

Proessen med nytt bygg er snart ferdig. Dette ser me alle veldig fram til! Det vil verta 10 leilegheiter tilpassa kvar enkelt sitt behov, og eit stort aktivitetssenter. Personalet vil og få eigne garderobar og personalrom. Bygget vil vere tilrettelagt for velferdsteknologiske løysingar etter behov. Namnet er Masfjorden bu- aktivitetssenter. Me gledar oss veldig til å flytta inn.

Hjelpemiddeltenesta/Ergoterapi

Ved inngangen til året 2020 bestod hjelpemiddeltenesta av ergoterapeut i 70% stilling i hovudsak på hjelpemiddel og ergoterapi etter behov. Stillinga som hjelpemiddelansvarleg i kommunen er lagt under Helseavdelinga, men samarbeidar med heile helse- og omsorg og teknisk avdeling.

Toril Areklett er tilsett som ergoterapeut i kommunen, og arbeider mandag – onsdag kvar veke, og torsdagar i hovudsak partalsveker, men dette kan endre seg ut frå behov. Ergoterapeuten har kontor i kjellaren på Masfjorden sjukeheim.

Pasientkontakt 2020

Det har vore eit uvanleg år med tanke på pandemi, men det har vore travelt. Frå mars til mai var det kun heimkontor med hei-

mebesøk tilknytt akutte reparasjonar. Frå mai og ut året har ein reist på heimebesøk med strenge tiltak mtp smitte. Oppgåva som Hjelpemiddeltenesta ivaretek er blant anna:

- Vurdere behov for hjelpemiddel hos brukarar som vert tilvist tenesta
- Vurdere funksjon og igangsette tiltak
- Bistå i bestilling/utprøving/søknadsprosess for hjelpemiddel gjennom NAV
- Utlån av hjelpemiddel frå korttidslager
- Reparasjon og bestilling av delar til hjelpemiddel
- Vere tilgjengelig for Masfjorden sjukeheim sine brukarar mht hjelpemiddel v/utreise, formidling av hjelpemiddel og trening.
- Kurs, då særskilt i regi av NAV
- Kartlegging/rådgivning mtp nye omsorgsbustadar

- Rådgivar i ulike saker som har med funksjonsutfordringar.

Brukergrupper som har fått tilbod om ergoterapi/hjelpemiddel 2020

- Barn med behov for tilrettelegging, hjelpemiddel eller trening/oppfølging der ein ser utfordringar i daglig aktivitet.
- Eldre heimebuande m/u hjelp frå Heimetenestene
- Palliative pasientar
- Alvorleg skadde eller personar med plutselig oppstått sjukdom som medfører nedsatt funksjonsevne der oppfølging mht trening, hjelpemiddel, boligendring er avgjerande.
- Personar med behov for livslang oppfølging mht trening/hjelpemiddel
- Hørselshemma
- Synshemma
- Prosjektgruppe for Masfjorden bu- og aktivitetssenter

Samarbeidspartnarar kommunalt og statleg:

Hjelpemiddeldenesta samarbeider tett med teknisk avdeling og heimetenestene i Masfjorden kommune, avlastningstenesta, skule/barnehage. Teknisk avdeling er gode samarbeidspartnarar når det kjem til kartlegging, utlevering, tilpassing, reparasjonar og vedlikehald av tekniske hjelpemiddel rundt om i kommunen. Også representantar frå heimetenestene, Stine Vågseth og Marit Andvik Trodal har delteke på opplæring i formidling av hjelpemiddel og bestilling av enkle hjelpemiddel, samt kurs/opplæring i enkelte hjelpemiddel både internt og i regi av NAV gjennom 2020. Det er tenkt at dei skal bruke noko av tida si på bestilling og utlevering av hjelpemiddel. For Masfjorden sjukeheim er samarbeidet i lag med fleire i pleiepersonalet, men i hovudsak er det Frida Eide som er hovudkontaktperson der.

Ein annan viktig samarbeidspartnar er NAV Hjelpemiddelsentra-

len i Vestland, avdeling Bergen. Mykje av mitt arbeid går ut på å bistå bebuarar i Masfjorden kommune med å søke til NAV om ulike hjelpemiddel. Det er ofte nødvendig å ta kontakt med NAV for rettleiing når det gjeld løysingar og ulike hjelpemiddel etc. God kartlegging, og å kjenne dei ulike hjelpemiddla, er viktig for å få gode løysingar for brukarane. Eit godt samarbeid med rådgivarar, og teknikere på NAV, som bistår i å velje riktige hjelpemiddel ut frå brukarbehovet, hjelp til å bestille deler til defekte hjelpemiddel og diskutere løysingar og problem med fagfolk er viktig og det kan være tidkrevande. Nav har i 2020 hatt mange utfordringar knytt til Pandemien, dei har måtte ha mykje heimekontor då dei har små lokaler og mange tilsette i ulike avdelingar, dei har også hatt ein del sjukdom, og dei har vanskar med levering av enkelte hjelpemiddel. Dette har medført ein del venting for oss, men og ventelister for å fatte vedtak blant anna.

Kurs

Vanlegvis er det mange kurs om hjelpemiddel som vert tilbydd frå NAV. Pga Pandemien har desse vorte avlyst eller vorte omgjort til Webinar. I 2020 har det ikkje vore fokus på kurs. Dette vert teken opp att i 2021.

Kommunale prosjekt

Førebyggjande Heimebesøk: I 2020 har dette prosjektet vorte utsett pga Pandemi. Dei som ikkje har fått tilbod i 2020 vil få tilbod i 2021, dersom det vert opna opp att for dette. Det er kommunen sitt smittevernråd, som handterer Pandemien, som har stoppa prosjektet. Me ser fram til at dette kan starte opp att etter kvart.

Din kvardag tel, prosjekt kvardagshelse: I 2020 har dette prosjektet vorte satt på vent. Me ser fram til å starte opp att med dette i 2021.

Heimetenesta

Heimetenesta vert administrert og drifta som ei avdeling i kommunen. Leiarteamet for heimetenestene består av ein leiar med overordna ansvar og to assisterande leiarar.

Hildegunn Bjånes fungerer som konstituert leiar med overordna ansvar for tenesta og dagleg ansvar for Indrefjorden. Siri Kratzmeier er assisterande leiar med dagleg ansvar for Nordbygda- området og Silje Totland assisterande leiar med dagleg ansvar for Sør-sida- området.

Heimetenesta vert drifta utifrå ein felles turnus og arbeidsplan for organisering av tildelte tenester. Organiseringa medverkar til at ein har ei heilskapeleg teneste i kommunen, som ivaretek brukarane sine behov og meverkar til ei økonomisk effektiv drift.

Etter å ha tilbrakt mange år på ulike kontorlokale i kommunen, flytta Heimetenesta og Forvaltningskontoret for helse -og omsorg inn i nye og eigna lokale i andre etasje i Fensfjordbygg i mai. Det har vore ei spanande og utfordrande tid med å få vere med å utforma dei nye lokala.

Tildeling av tenester

Søknader på tenester vert handsama på Forvaltningskontoret for

Helse-og omsorg i samråd med leiarteamet. Søknader eller saker som gjeld institusjonsopphald, omsorgsbustader eller tiltak ved utskrivning frå sjukeheim eller sjukehus vert handsama tverrfagleg i tiltaksrådet.

Heimetenesta utfører tenester i heimen i samsvar med vedtak etter søknader og utifrå behovet til den einskilde til ei kvar tid. Tenestene omfattar helsehjelp i heimen (heimesjukepleie), praktisk bistand (heimehjelp), matombringning og tryggleiksalarm. I løpet av 2019 og inn i 2020 har ein innført tilbod om velferdsteknologi i form av mobil tryggleiksalarm med GPS, elektronisk medisineringsstøtte og ulik sensorteknologi knytt til tryggleiksalarm. I tillegg har heimetenesta kjøpt ein Komp pro til utprøving – eit kommunikasjonsverktøy for personale, brukarar og familiane deira.

Heimetenesta vurderer behov for og skaffar hjelpemiddel til kortvarig bruk. Det vert og formidla søknad om hjelpemiddel for langvarig bruk via hjelpemiddeldenesta. Heimetenestene har i tillegg ansvar for drift av omsorgsbustadane.

Mål for tenesta i 2020 har vore at alle skal:

- kunne bu heime så lenge dei ynskjer i eigen heim
- kjenne seg trygge og oppleve meistring
- få ivareteke god helse
- oppleve livskvalitet med ein aktiv og meningsfull kvardag.

For å nå desse dette måla har Heimetenesta lagt stort vekt på førebyggjande tiltak og arbeid med følgjande:

- Tilrettelegging, tildeling av tenester og tiltak utifrå individuelle behov til ei kvar tid
- Tilby og skaffa nødvendige hjelpemidlar i heimen
- Tilby dagtilbod med transportordning
- Trening med Motitech- sykkel
- Tilbod om Heimetrening for kvardagshelse
- Førebyggjande heimebesøk til alle det året dei fyller 80 år.
- Tilby middagslevering frå sjukeheimen til heile kommunen

Økonomi

Rekneskapan for heimetenesta/omsorgsbustadane var i balanse ved årets slutt. Dette året har vore prega av store endringar og variasjon gjennom året i forhold til personale, tal brukarar og omfang av tenester. Tilpasning av drift i forhold til behov og god flyt av personale i avdelinga har medverka til å halda budsjettet.

Personalstatus

Sjukepleiar 8,3 årsverk, Helsefagarbeidar 8,8 årsverk
Assistent 1,5 årsverk.

I tillegg har det gjennom året vore to lærlingar/elevlar som har arbeid i heimetenesta.

Spesialsjukepleie- kompetanse:

- Tverrfagleg rehabilitering: Hildegunn Bjånes.
- Palliativ sjukepleie: Ingrid Skuggedal og Gunn H. Andås.

Kompetansehevande tiltak

Hovedfokus dette året har vore opplæring i bruk og innføring av velferdsteknologiske løysingar. Åse Solheim og Ingvild Hindenes jobbar som ressurspersonar i kommunen i samarbeid med Vestlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi. Dei har delteke på felles interkommunale opplæringsdagar og har lært opp tilsette på avdelingane.

Ein sjukepleiar har delteke på etterutdanningskurs i akuttmedisinsk eldreomsorg.

Eit anna kompetansehevande tiltak me har tatt i bruk er Veilederen.no, som har ulike e-læringskurs/pakkar.

Samanlikna med tidlegare år har ikkje brukartalet endra seg. Fleire har fått tildelt tryggleiksalarm. Ein har sett inn fleire tiltak i heimane, noko som viser ein auke i antall vedtakstimar på praktisk bistand. Ein satsar på førebygging, tilbod og i tilstrekkeleg grad prøve ut tenester i heimen før det vert innvilga sjukeheims plass.

Heimetenesta driftar 10 bilar. 6 av dei er leasingbilar og 4 er utkjøpte. Masfjorden er ein vidstrakt kommune, og me køyrer i løpet av eit døgn ca. 650 km.

Aktivitetstilbod

18 brukarar har hatt dagsentertilbod på sjukeheimen. Her er det ulike skyssordningar frå alle delar av kommunen i form av taxi, kommunal bil og heimetenesta.

Seniortreff på Sandnes er ein onsdag per måned ved hjelp av frivillige i samarbeid med Sandneskaféen.

I Indrefjorden nyttar mange seg av tilbodet helselaget har kvar 14.dag dag på bua på Haugsvær.

Omsorgsbustader

Heimetenesta har ansvar for drift av til saman 23 omsorgsbustader fordelt på:

Sandnes: 5 bustadar. På slutten av året var det 1 ledig bustad.

Matre: 4 bustader. 2 ledig.

Haugsvær: 5 bustader. 2 ledige.

Nordbygda: 9 bustader og 1 hybelleilegheit. Alt er utleigd.

Korona

Den første tida etter at Norge vart ned stengt i mars var ei utfordrande tid. I starten av denne tida var det ein del tilsette som måtte i karantene av ulike grunner, noko som gjorde at me hadde redusert bemanning. Heldigvis fekk me hjelp av gode studentar som kom heim pga. av ned stenging av skuler. Alt av aktivitetstilbod vart stengt ned, som medførte meir isolasjon for dei heimebuande.

Dei tilsette har tatt smittefaglege råd på alvor. Alle har kjent på frykta og ansvaret med å ikkje smitte andre i sårbare grupper. No ser ein fram til å få vaksinere, slik at ein forhåpentlegvis får ein meir normal kvardag.



Kultur

Desse hovudoppgåvene/tenestene høyrer heime under kultur: Folkebiblioteket, Den kulturelle skulesekken, idrettsskule, kulturskule, museum, idrettsbaner/anlegg og symjebasseng, anleggs- og driftsstøtte til idrettslag, planarbeid (idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet – spelemidlar- nærmiljønalegg- kulturminne), Den kulturelle spaserstokken/kulturtilbod for eldre, kulturvern, støtte til frivillige lag, kulturmidlar, kultur/lags- og arrangementskontakt.

Budsjettet for kulturområdet var for 2020 kr 6 500 000. Til saman 6,2 årsverk. Dei største summene går til kulturskulen, kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, folkebibliotek og museum.

Støtte til frivillige lag og bedrifter

Det vart i 2020 betalt ut kr 150 000 i ordinære kulturmidlar til 29 lag og organisasjonar.

På Kraftfondet sitt budsjett var det i 2020 sett av kr 100 000 til kulturtiltak der både lag og bedrifter kunne søkja. Grunna koronapandemien og låg aktivitet på kulturfronten vart dei fleste tiltaka avlyst eller kraftig redusert. Berre halve ramma vart tildelt. 6 søkjarar fekk tilskot i storleik kr 3 000-10 000.

Museum

Størstedelen av museumsbudsjettet vert nytta til Bjørn West-museet. Kommunen har avtale med Museum Vest om dagleg drift av museet, og der Masfjorden kommune yter årleg tilskot kr 400 000.

Arbeidet med å planleggja Sommarscena var godt i gang då koronaen slo inn i mars. Ein valde å kansellera bookingane, så nær som ei kunstutstilling i Kvamsdals fargerig og ein konsert.



Tekstilkunstnaren Marta Nerhus sto for ei vakker og særeigen utstilling i Fargeriet og Sandneskaféen. I samband med utstillinga hadde ein to arrangement, i tillegg til at Marta hadde workshop med mellomtrinnslevane i kommunen. Utstillinga var godt besøkt.

Eit lokalt band gjennomførte ein strålende fin konsert-hyllest av Dire Straits. Konserten vart halden på Fjon grendahus med 100 tilhøyrarar eksemplarisk plassert i hht koronareglar.

I 2020 var det grunna korona ingen arrangement i skulemuseet og i nothuset. Ein nytta sommaren til naudsynte reparasjonar av taket i nothuset.

Minnemarkeringar

Kulturavdelinga i kommunen sytte som vanleg for lyd og kulturinnslag ved innkomsten av Bjørn Westmarsjen. Denne gongen var det Else Iren Westervik, Boris Kuprijanov og Geir Øi som sto for sjølve kulturprogrammet.

Kulturvern

To søknader. Ein av søkjarane, Nordre Kvinge trevarefabrikk, fekk tildelt kr 30 000 frå kommunen til vidare restaurering av bygningen. Det meste av restaureringsarbeidet vart utført sommar og haust 2020, og bygningen har no fått eit skikkeleg utvendig løft. Gardsmuseet på Kjetland fekk tildelt kr 20 000 til utarbeiding av objektkatalog og vedlikehald av gardsmuseet på Stølen/ Kjetland, og er såleis godt rusta til å ta imot for omvising.

Kulturminneplan for Masfjorden vart lagt fram til politisk handsaming og godkjend i 2020.

Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken i Masfjorden fekk etter søknad kr 29000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Grunna koronaen vart dei aller fleste arrangementa avlyst, og berre ein liten del av dei tildelte midlane er nytta.

Kulturprisen 2020



Masfjorden kommune sin kulturpris for 2020 vart tildelt filmskapar Magne Helge Sleire. Med prisen vil kommunen først og fremst hylla prisvinnaren for den gode Masfjord-reklamen han gjennom mange år har stått for. Fleire av filmene har vore filma i, og har hatt hovudpersonar frå Masfjorden eller områda rundt, som t.d. Odelsgutane, Stjernestunder, Fiskarbonden og dokumentasjonsfilmen om Kvamsdals fargerig. Dette har vore god reklame for kommunen vår, samt bidrege til å setja søkelys på viktige tema knytt til vår kulturarv. Prisen vart delt ut på Sandneskaféen i samband med kommunestyremøte i september.

I same møtet vart Kåre Andre Hjartholm heidra for innsatsen sin med kokkelandslaget.

Ungdommens kulturmonstring

Ungdommens kulturmonstring vart også dette året arrangert saman med dei andre Nordhordlandskommunane, denne gongen i storstova på Leiknes skule. Deltakinga frå Masfjorden var gledeleg stor og med flotte prestasjonar av dei unge utøvarane.

Frå Masfjorden vart ei gruppe med Johanne Einestrånd (song), Jørgen Einestrånd (gitar) og Isak Thorsheim Kvinge (piano), og soloinnslag ved Isak Thorsheim Kvinge (piano) sendt vidare til fylkesmonstringa på Voss siste helga i april. Fylkesmonstringa vart avlyst.

Spelemidlar, nærmiljøanlegg og kulturbygg



Masfjorden kommune har utarbeidd Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024. Planen vart rullert kvart år. Det vart søkt spelemidlar til prioriterte tiltak i handlingsplanen.

Våren 2020 sto sandvolleyballbane i Skolten ferdig. Kvinge grendelag fekk tildelt midlar til turveg på Stien. Nordbygda samfunnshus fekk tildelt midlar til restaurering.

Ved utgangen av 2020 vart det arbeidd med ei rekkje spelemiddel-søknader med søknadsfrist 15.01.21.

Dagsturhytta

November 2019 takka kommunen ja til å ta imot tilbodet frå Vestland fylkeskommune om dagsturhytta. Juni 2020 vedtok kommunestyret at hytta skulle plasserast i Grøttneset mellom Mjanger og Kvingo. 6. desember sto hytta ferdig til å ta imot gjestar. Hytta har vore svært godt besøkt både i byggeprosess og etter opning, og det har kome mange godord om sjølve hytta, den vakre plasseringa og løypenettet rundt hytta.

Komande år vil det bli arbeidd vidare med universelle tilkomst til hytta, frå sjø og land.

Kulturskulen

2020 vart annleisåret. For ein kulturskule som i tillegg til rein undervisning har stort fokus på utadretta aktivitet vart dette eit år der det aller meste av konsertar, oppdrag, utstillingar og oppsetjingar vart sett « på vent ». Og det har både elevar, lærarar og brukarar kjend på.

Ein har for det meste greidd å halda oppe undervisningstilbodet, men ulike restriksjonar gjennom året har medført alternative opplegg i periodar.

I 2020 runda kulturskulen 40 år. Dei planlagte markeringane av jubileet gjekk i vasken, med unntak av jubileum-cden som kom ut i desember. Me hadde eit håp om å få presentert dei digitale konsertane våre før jul, men koronatiltaka hindra oss i dette.

Men; « du skal få en dag i mårå »...



«Kulturskulen skal nå mange»

Dei om lag 140 elevplassane gir opplæring innan song, spel, samspel og biletskaping/kunstproduksjon. Undervisning er lagt til ettermiddag og kveld. Teatertilbodet starta opp igjen i haust etter eit års opphald. Elevane får tilbod om studioinnspeling. Det har grunna koronaen ikkje blitt halde dansekurs for grunnskuleelevane i kommunen dette året. Dansekursa er i samarbeid med helselag og MOT. Me håpar å kunne koma sterkare tilbake med tilbod i 2021.

Å oppleve glade, dyktige, trygge, stolte, skapande og tolmodige elevar i desse koronatider, fortel oss at kulturskulen er ein god arena for personleg og fagleg utvikling.

Kurspengar er pr. frå 01.08.20 kr 2363 pr. år. Det vart gjeve søskenmoderasjon. Vaksne elevar betaler kr 3545.

«Kulturskulen skal stimulera til fagleg og personleg utvikling for elevane»

17 timelærarar arbeider i til saman 4, 5 årsverk, alt inkludert ressursar til sal av tenester til kor og korps, og administrasjon. Seks av lærarane er i kombinasjonsstillingar med grunnskule. Fleire av lærarane arbeider i fleire kulturskular i Nordhordland.

Dyktige, kreative, motiverte og samarbeidsviljuge lærekrefter er med på å skapa eit godt klima for læring, slik at ein i samarbeid med elevar, heim og lokalmiljø oppnår det me alle ønskjer: Kjekke, meiningsfylte, stabile, trygge og utviklande fritidstilbod.

«Kulturskulen skal vera godt synleg og delaktig i lokalt kulturarbeid»

Masfjorden kulturskule legg stor vekt på å vera meir enn ein skule der elevar berre får undervisning. Difor deltek elevar aktivt på arrangement både lokalt og regionalt.

I 2020 sette koronaen stoppar for denne visjonen. Då kulturlivet

vart stengt ned i mars var det ikkje lenger høve til utadretta aktivitet, og me har opplevd ei tid etter dette der ein berre sporadisk har hatt høve til å ha eigne arrangement, eller delta i andre sine kulturarrangement.

Me fekk gjennomført Kulturskuleveka i februar, men dei tradisjonsrike skulekonsertane i november gjekk ut. Sommarkonsertane vart også noko amputert, men ein del av elevane organiserte sine interne konsertar før dei tok ferie.

Julekonsertane i kyrkjene og på sjukeheimen vart avlyst grunna korona.

I februar deltok mange av elevane i kulturskulen på UKM si lokalmønstring på Leknes. Dette var svært gledeleg, etter nokre år med låg deltaking frå vår kommune. UKM er eit fellesarrangement for kommunane i Nordhordland.

«Kulturskulen skal samarbeida om tiltak med skule, barnehage, bibliotek og lagsliv»

For kommunen er det viktig at innbyggjarane får meningsfull aktivitet og gode opplevingar gjennom kulturtilboda. For kulturskulen er samarbeid med andre aktørar nøkkelen til at ein kan nå desse måla. Det er flott å sjå kulturskuleelevar «glitra» på andre scener td i samband med skuleoppsetjingar og lagsarrangement.

Økonomien set klare grenser for kva type samarbeid ein kan få til, og kor stort omfanget blir.



Det er difor dei tilsette i kulturskulen med det dei kan og involverer seg i som er den aller viktigaste ressursen i samarbeidet. I 2020 vart denne aktiviteten redusert til eit minimum grunna koronaen. Kulturskulen sel dirigent- og instruktørtenester til skulekorpsa og amatørkorps/kor, ein samarbeider om aspirantopplæringa til skulekorpsa og ein prøver å vera ein god medspelar til desse laga og andre kulturaktørar og institusjonar gjennom samarbeid om konsertar og arrangement.

Laga er gode kulturleverandørar, og steller i stand mange flotte arrangement og inviterer til fruktbare samarbeid. 50-årsjubileums-konserten til Sandnes skulemusikk i oktober er eit godt døme på dette.



Kulturskule, grunnskule, barnehagar og MOT har som mål å samarbeida om dansekurs. Grunna korona fekk me ikkje gjennomført denne aktiviteten i 2020.

Det same gjeld samarbeid med bibliotek, seniorsamlingar, kyrkja, pensjonistlag og eldrekafe på sjukeheimen.

Samarbeidet med Einekavane om musikktilbod for ungdommar med behov for tilrettelegging heldt fram. Dei er også flinke til å invitera barnehage og andre til konsertane sine. Like før jul vart det gjort innspelinger med gruppa i Granneheimen på Kvingo som vil bli publisert i 2021.

Idrettsskulen

Idrettsskuletilbodet har vore gitt ved alle tre skulene for elevar i 2. til 7.klasse.

Ved start på hausten vert elevane delt inn i to grupper ved Sandnes og Nordbygda og i ein fellesgruppe ved Matre.

Alle gruppene har hatt fysisk aktivitet og idrett 1,5t kvar veke. Elevane har praktisert ei rekke idrettar, der målet har vore å heva den kroppslige kompetansen og dei tekniske ferdigheitene innanfor ulike aktivitetar og konkurranseidrettar.

På hausten gjekk elevtalet noko ned, etter ei liten oppgang i fjor. Idrettsskulen sitt mål om å vere eit kompetansehevingstilbod og ikkje eit «leiketilbod», er no er betre kjend blant både elevar og dei føresette, så det er positivt at elevtalet er relativt stabilt.

Det vert ikkje gjennomført fellesaktivitet dette året, noko som primært skuldast korona-situasjonen. Denne førte også til eit opphald i samband med skulestenginga våren 2020. Målet er å ta opp att fellesaktivitetar så snart tilhøva tillèt det.

Idrettsskulen i Masfjorden synest å vere eit populært tilbod, og eit viktig eitt, tatt i betraktning at idrettstilbodet elles i kommunen ikkje alltid er like tilgjengeleg og/eller noko avgrensa i sin variasjon.

Ved årsskiftet hadde me følgjande deltakartal, skuleåret 2019-20 står i parentes:

Skule:	2. - 4. klasse	5. - 7. klasse
Matre	5 (6)	0 (3)
Nordbygda	15(17)	6 (5)
Sandnes	11 (14)	5 (6)

Folkebiblioteket

Arrangement og utlån

Som for alle andre, har 2020 vore eit annleis og vanskeleg år for biblioteket. 10. mars hadde vi bok- og strikkekafé på Hostelnd. Der var ikkje fleire ledige stolar då elevlar i kulturskulen opna med ein liten konsert og Alf Strand etterpå las frå den nyaste diktsamlinga si. Før vi gjekk heim, avtala vi dato for neste gong vi skulle møtast, « ja, om ikkje koronaen tek oss», spøkte vi. Det gjekk ikkje meir enn to dagar, så var alt stengt. Før nedstenginga hadde det vorte arrangert tre bok- og strikkekafear på Sandnes og tre på Hostelnd. Det vart med det dette året! Vi hadde planlagt stort arrangement på Fjon grendahus i oktober der Edvard Hoem, Fjon musikklag og songarar skulle delta. Men dette vart avlyst ei lita veke før arrangementsdatoen.

Då biblioteket vart stengt pga korona, fekk lånarane tilbod om å bestille bøker som kunne hentast på utsida av biblioteket. Nokre nytta seg av dette tilbodet, særleg like før påskeferien vart det laga til fleire posar. På heimesida til kommunen vart det òg reklamert for dei digitale tenestene, lån av e-bøker og Press-Reader der ein kan laste ned appen, logge seg på med lånennummer og få gratis tilgang til fleire både norske og utanlandske aviser og tidsskrift. Det totale utlånet for både folkebiblioteket og skulebiblioteka er på 12115 lån. Gledelig er det at til tross for stengt bibliotek ein periode, er dette ein auke på vel 700 lån i høve til 2019. Medrekna i dette talet er utlånet av e-bøker. Denne typen lån har auka frå 172 i 2019 til 510 i 2020. Det viser at sjølv om besøkstala har gått ned, blir bibliotektenestene likevel brukte. Frå årsskiftet vart det slutt på lyd bøker på CD. Dette vart eit sagn for mange. Men heldigvis har utvalet av e-lydbøker vorte større. Det er Vestland fylkeskommune som koordinerer innkjøp av e-media samt ei felles utlånslysing for fylket. Biblioteka betalar ein viss prosent av mediebudsjettet til dette. Hittil har det vore gjort avtalar for to år. Dette har og medført skifte av utlånslysingar, noko som er uheldig for lånarane. Men heldigvis har både utvalet og utlånslysingane vorte betre sidan biblioteka innførte e-utlån.



Barn og unge i Masfjorden skal bli gode lesarar og denne gruppa skal vera ei prioritert gruppe for Masfjorden folkebibliotek.

Som tidlegare år er det utlånet til barn som er størst. Sjølv om biblioteket periodevis har vore stengt for elevlar, har det vorte laga til bokkassar til klassane slik at elevane framleis skulle ha boktilbo-

det. Lærarane er flinke og positive til å bruke bibliotekstilbodet. Såleis har dei og stor ære for at vi også i år hevda oss heilt i både i fylkes- og landstoppen med prosentvis deltaking i Sommarleskonkurransen. Premieutdeling vart markert på ulikt vis på dei tre skulane alt etter korleis samansetjinga av kohortar er. Men alle fekk sjå «Jack og bønnestengelen», ein digital produksjon av lese-gledar Camilla Ruhs, spelt inn i eventyrskogen på Stord. Der var òg trekking av bokpremiar og diplom til alle.

Elles har fleire av tiltaka som har vore iversett tidlegare, vorte vidareførte i 2020. Her kan nemnast: Bok til nyfødde i januar. Leseunder for grupper av barnehagebarn i Nordbygda barnehage vart gjennomført frå januar til nedstenginga i mars. På grunn av smittevernet er det frå september berre førskuleborna som har fått dette tilbodet. «Leseknappen» for 2.klassingar har hatt god deltaking. «Best i test» for 8. og 9.kl arrangert av biblioteka i Nordhordland har vorte gjennomført som før. For 2020 vart 8. og 9.klasse på Matre skule trekt ut til å få pizzafest.

Andre tiltak

Masfjorden er ein av dei første kommunane i gamle Hordaland som har fått dagsturhytte. I hytta er laga til eit lite bibliotek, hovudsakleg med barnebøker. Knapt halvparten av bøkene er finansiert av fylkesbiblioteket medan resten er kjøpt inn av Masfjorden folkebibliotek. Bøkene må nytast på staden. Så langt er det kome tilbakemeldingar på at dette er eit kjekt tilbod, særleg for barnefamiliar på tur. Å lese bok på hemsan er populært! Noko godt kom ut av pandemien - det vart god tid til rydding. På Matre vart det rydda i magasinet. Nasjonalbiblioteket sa seg interessert i mellom 50 og 60 eldre bøker som vart sende til gåvemottaket der.

Personal

Etter 11 år som styrar på Sandnes filial og 25 år som arbeidstakar i Masfjorden kommune, gjekk Bjørg Kvingedal av med pensjon frå 1.8. 2020. Dette vart markert på Sandneskaféen i juni der òg Maud Sleire Holmaas var med. Ho overrekte blomar frå Masfjorden kommune. Signe Marit Krossøy tok over stillinga på Sandnes filial frå same dato.

Konklusjon

Som nemnt har smittesituasjonen gjort at det har vore store begrensingar av tiltak. Det har vore eit stort sagn at vi ikkje kan ha arrangement og at folk ikkje kan møtast og opphalde seg i biblioteket. Sjølv om besøkstallet no er tilnærma slik det var før pandemien, merka ein at folk var skeptiske til å komme då det vart opna opp att i mai. Men fleire har nok oppdaga dei digitale tilboda frå biblioteket. Likevel er det viktig å kjempe for den trykte boka og motivere alle til lesing. Samstundes som lesing er ein fin hobby og god avkopling, er det i dagens samfunn viktigare enn nokon gong å vere ein god lesar.



Teknisk, miljø og landbruk

Det var 11 personar tilsett ved avdelinga pr. 31.12.20.
I tillegg kjøper Masfjorden kommune landbruksfagleg kompetanse frå Gulen kommune.

Byggjesak/kart og oppmåling

I 2020 er det halde 14 oppmålingsforretningar som gjeld oppretting av nye eigedomar og 19 forretningar som gjeld arealoverføring. Mange av arealoverføringane har vore i samband med utviding av Austfjordvegen strekning Einestrånd – Nordkvingo

Oversikt over saker handsama i 2020:

Delesaker	34	Tilknytning kommunalt vatn *	12
Byggjesaker	61	Usleppsløyve*	6
Bruksløyve/ferdigattest	61	Oppmålingsforretningar	33
Dispensasjonar	30	Vedtak om adresse-tildeleing/omadressering	6
Andre saker	11		

* Saker der dette er behandla utanom byggjesaka



Tal frå søknader om produksjonstilskot 2018- 2020:

	2018	2019	2020
Prod. tillegg *	9 861 225	9 449 754	ca. 10 000 000
Avløysartilskot		1 550 007	
eBruk	71	69	69
Mjølkebruk	12	12	10
Mjølkekyr/ammeku	160	155/7	155/19
Storfe kjøtprod.	264	245	256
Sauebruk	60	59	58
Sauer vinterfora/utegangarsau	2 308	3 057	2 846
Geit for kjøtprod.	70	59	129
Kylling	ca. 60 000	0	-
Esel/lama/Alpakka		5/9/4	5/8/3
Hest over 3 år		11	5
Slakte gris		21	8

* Inkl. avløysartilskot

Samla mjølkeleveranse i 2020: 967 520 liter

2019: 965 595 liter

Areal for søknader på produksjonstilskot: 6 810 dekar

Av byggjesakene som har vore handsama er:

- 4 søknader om bygging av bustader
- 5 søknader om bygging av fritidsbustader
- 6 bruksløyve/ferdigattestar er gitt i høve bustadhus

Kommunale vegar

Det har vore utført vedlikehald med rydding i stikkrenner, lapping av asfalt og grus, høvling og snørydding/strøing. Det er og utført kantklipping og grøftereinsk.

Masfjorden kommune har avtale om brøyting med sju kontraktørar.

Safe Control har gjennomført årleg kontroll av bruene i kommunen.

Vatn/vassverk

Masfjorden kommune eig og driv fem vassverk i kommunen. Masfjorden vassverk er det største av desse vassverka og forsyner delar av Masfjordnes og Nordbygda. Sløvåg og Steineområdet i Gulen kommune vert også forsynt frå dette vassverket. Dei fire andre er mindre vassverk som forsyner bygdene Matre, Haugsvær, Solheim og Skolten på Sør-Kvingo.

Produksjonen frå Masfjorden vassverk var på om lag 201 000 m³ i 2020, noko som er litt ned frå fjoråret. Av dette vart det overført ca 98.770 m³ til Gulen kommune.

Kalking av vassdrag

Kalkinga i Frøsetelva held fram som før. Kalkstasjonen ved Ostavatn medfører auka pH frå ca 5,3 oppstrøms doserar, til pH 6,0-6,4 heilt til utløpet ved Frøyset. I smoltifiseringsperioden om våren vert pH justert litt opp slik: Lakseførande strekning; pH ≥ 6,2 fra 1. jan til 15. mars, deretter ≥ 6,4 frem til 1. juli (justert 2019), og ≥ 6,0 resten av året (justert i 2013). Totalt vart det brukt: 759 tonn i 2020, 513 tonn i 2019 og 561 tonn kalk i 2018.

Hjortejakta	2018	2019	2020
Løyve	549	565	583
Felt	401	414	453
Fellings %	73,04	73,27	77,7
Fallvilt	2	4	2

* Bestandsplanområda: Gulen-Masfjorden og Lindås-Masfjorden dekker eit større område, men tala er for Masfjorden kommune

Jakttida er: 01.09. – 23.12.

Viltfondet:

Fellingsavgifta går inn på eit kommunalt viltfond som bl.a. går til dekking av kommunen sine utgifter med ettersøk etter skada vilt og fallvilt.

Skotpremie for felt rovvilt

Det vart i 2020 utbetalt skotpremie for: 22 raudrev, 1 mår og 4 villmink. Uendra premie.

Regionalt miljøprogram (RMP) 2020 (2019)

Ordninga omfattar særskilte miljøformål i landbruket: **24** (38) søknader.

Organisert beitebruk i 2019: 4 beitelag

Søknad om drenering: 3 søknader -9 del-/sluttutbetalingar

SMIL-søknader: 5

Feietenesta - Feiing og tilsyn

Masfjorden kommune har i ei årrekke hatt samarbeid med Gulen og Solund om felles feieteneste. Etter at det kom nye krav om at også fritidsbustader skal feiiast vart feiarstillinga utvida frå ei til to stillingar.

I desse tre kommunane er det om lag like mange fritidsbustader som heilårsbustader.

Planarbeid**Planstrategi for Masfjorden kommune 2020 - 2023**

Hausten 2019 vart utkast til planstrategi for Masfjorden 2020 – 2023 handsama, og det vart gjort vedtak om å senda framlegget ut på høyring. Ny planstrategi vart vedteke på kommunestyremøtet den 13.02.2020 i sak 009/2020. Dokumentet vart revidert hausten 2020, og justert planstrategi vart godkjent på kommunestyremøtet den 30.11.2020 i sak 081/20.

Kommunedelplan for kulturminne for Masfjorden kommune

Våren 2019 vart framlegg til kulturminneplan utarbeidd, og det vart gjort mange registreringar av kulturminne i alle deler av kommunen. Hausten 2019 var planen på høyring og på grunn av mellom anna faglege innvendingar frå fylkeskommunen og politiske ønsker frå formannskapet vart det jobba meir med planen vinteren 2020. På kommunestyremøte den 18.06.2020, sak 036/20 vart planen godkjent.

Kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune

Kommunen sende i brev dagsett 24.06.2020 kunngjering om planoppstart og framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for 2020 – 2032 ut på høyring. Saka vart først handsama i formannskapet i sak 053/2020 i møte den 10.06.2020. Sjølv planprogrammet vart vedteke i kommunestyret den 22.10.2020. i sak 072/20.

Pandemiplan

Kommunen fekk på plass pandemiplan den 13.03.2020. Den baserer seg på ein smittevernpplan som vart godkjent i kommunestyret i 2004.

Alkoholpolitisk handlingsplan

Ny plan for dette feltet vart vedteke i kommunestyret den 30.04.2020.

Offentlege reguleringsplanar**Reguleringsplan for naustområde på Hosteland**

Kommunen starta opp arbeidet med reguleringsplan for eit naustområde på Hosteland på gnr. 14 bnr. 3 m.fl. hausten 2018. For

Reinhald

Reinhaldet i kommunen har sidan 2014 vore organisert i tre reinhaldsområde; Nord, Indre og Sør i tillegg til sjukeheimen, som er eige område. Kwart område har ein reinhaldskordinator som er ansvarleg for reinhaldarane i sitt område. Ansvarer inneber mellom anna å ordne med vikarar ved sjukdom/fråvær, lage ferieplan, bestille varer m m.

Kwart reinhaldsområde har eigen samla økonomi for både løn, reinhaldsmidlar og utstyr. Utgiftene vert fordelt på kvart enkelt formålsbygg ved årsslutt

målet med planarbeidet var å leggje til rette for riving av deler av det eksisterande naustmiljøet og sikra at nye naust med kai/småbåtanlegg kan koma på plass. Vinteren 2019 vart planen sendt på høyring. Fylkesmannen i Vestland la ned motsegn mot planen i brev av 26.05.19, og viste til strandsonevernet. Formannskapet drøfta justert reguleringsplan i møte den 03.02.2020, og tilrådde at justert plan vart godkjent. Fylkesmannen trakk motsegna si i brev av 26.05.2020, og det gjorde at kommunestyret kunne godkjenna reguleringsplanen i møte den 18.06.2020 i sak 039/20.

Reguleringsendring for Matre næringsområde gnr 52 bnr 10 m.fl.

Oppstart av planarbeidet vart i regi av planføretaket ABO Plan & Arkitektur AS sendt grunneigarar og offentlege instansar i brev dagsett 21.02.2020. Formannskapet i Masfjorden kommune vedtok i møte den 10.06.2020, sak 055/2020, om å leggje framlegg til reguleringsplan for Matre næringsområde gnr 52 bnr 10 m.fl. ut til offentlig ettersyn. Føremålet med planarbeidet var å leggja til rette for større næringsbygg/ datasenter inne på nærings- og industriområdet aust for E39 på Matre. Det interne vegsystemet vart føreslått lagt om, for å leggje til rette for eit stort samla industri/næringsareal. Det vart og sett av nytt areal til brannstasjon og eventuelt framtidig visningsbygg, og gjort endringar i utnyttingsgrad og byggjehøgde.

Det vart i samband med planarbeidet utført skredfarevurdering i regi av føretaket Sweco Norge AS med rapport dagsett 13.03.2020. Rapporten inneheldt faglege vurderingar og det er utarbeidd faresonekart for heile tettstaden på Matre. I tillegg er det gjort støyvurderingar/ støymålingar, samt grunnundersøkingar knytt til kvikkleire inne på området. Rapporten viste at området er trygt med omsyn på kvikkleire.

Føretaket A/Stab fekk vurdert heile området på Matre med omsyn på flom, og det vart laga flomrapport, som medførte at avbøtande tiltak vart innarbeidd i føresegnene til reguleringsplanen.

Framlegg til endra reguleringsplan for Matre næringsområde vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-12 i kommunestyret den 22.10.2020, sak 073/20.

Private reguleringsplanar**Reguleringsplan for Kvamme gnr 32 bnr 6m.fl.**

Formannskapet gjorde vedtak om å senda reguleringsplanen

ut til offentlig ettersyn i møte den 10.06.2020 i sak 054/20. Planforslaget legg opp til etablering av tre bustader på tidlegare utskilte tomter, fem utleiehytter, samt tilkomstveg, parkering for ålmenta, tursti, friområde, ferdigstilling av kai, og etablering av flytebrygge m.v. Planen var på høyring fram til 20. august, og det kom motsegn frå Fylkesmannen. Eter dialog med denne instansen vart planen endra på ein del punkt, og den 19.11.2020 trakk Fylkesmannen motsegna. Formannskapet tilrådde i møte den 15.12.2020 at kommunestyret skulle godkjenna planframlegget.

Reguleringsplan for del av Totland (gnr 26 bnr 2,5 m.fl.):

Planen gjeld regulering av den gamle hermetikkfabrikken med føremål å få regulert inn eit område for smoltanlegg med store kummer ute, og etablering av fjellhallar med mindre kummer inne i desse. Den 18.10.19 vart det halde oppstartsmøte på kommunehuset. I 2020 har den private plankonsulentten jobba med planprogrammet m.m, og den 03.11.2020 vart framlegg til planprogram sendt over til kommunen. Planprogrammet vart godkjent i formannskapet den 17.11.2020, i sak 111/2020.

Reguleringsendring for Liarinden

Formannskapet handsama framlegg til reguleringsendring av reguleringsplanen i møte den 31.03.2020, sak 021/20. Saka handla om flytting av busshaldeplass. Den vart sendt på høyring, og kommunestyret godkjente endringa i møte den 18.06.2020, sak 038/20.

Ny planendring i Liarinden kom opp som sak i formannskapet den 12.10.2020, sak 089/20, og vart deretter sendt på forenkla høyring. Endringa, som mellom anna handla om å justera føresegnene frå å nytta planeringshøgde til mønehøgde, vart godkjent i formannskapet sitt møte den 15.12.2020, sak 126/20.

Reguleringsendring for Librotet

Den 14.03.19 var det oppstartsmøter for endring av reguleringsplanen for Librotet og for Rørdalen. Framlegg til endring av reguleringsplan for Librotet vart handsama i formannskapsmøte den 31.03.2020 i saknr 025/2020. Formålet med endringa er å flytte enkelte hyttetomter, både for å få til betre tomteplassering, samt justere noko på tilkomstvegen. Vidare skal planarbeidet oppdatere gjeldande reguleringsplan i høve til naturfare og naturmang-

fald. Kommunestyret godkjente den reviderte reguleringsplanen i møte 30.11.2020 i sak 091/2020.

Breibandutbygging

I løpet av 2019 fekk dei siste bygdene i Masfjorden kommune fullverdig breiband. Det som no attstår er einskilde tun som ikkje hadde busetnad i prosjektperioden, og som det seinare er kome fast busetnad i. På bakgrunn av dette vart det skrivi ei sak om breibband til Tangedalen til formannskapet sitt møte den 31.08.2020, sak nr 070/20. Saka vil verta følgd om med søknad om tilskot i 2021 til fylkeskommunen.

Punktutbetring fylkesveg 570 Kvinge til Hope – ferdigstilling november 2020

Kommunestyret handsama i sak 004/2019 i møte den 21.02.2019 om det skulle søkast om midlar til punktutbetringar langs fylkesveg 570 mellom Kvinge til Hope.

På bakgrunn av dette vedtaket vart det søkt om tilskot, og Hordaland fylkeskommune gjorde seinare vedtak om å løyva krone 3.1 millioner til punktutbetringar, samt eit ekstratilskot på posten «forsterkning» på krone 1,5 million, som vart utbetalt desember 2019. Det vart inngått avtale med Statens Vegvesen om prosjekta, og entreprenøren starta opp arbeidet hausten 2019. I tillegg til å delta på samordningsmøter med entreprenør og Statens Vegvesen, har kommunen i 2020 fått på plass fleire byggeplanar for sine utbetringar og inngått nye grunneigaravtalar. Det nære samarbeidet gjorde at overskotsmassar frå Nordhordlandspakka kunna nyttast til utviding av fylkesvegen på stadar der det var behov for smassar, og på den måten vert steinressursane utnyttast effektivt. Prosjekta vart ferdigstilt november 2020, og tilskotet frå fylkeskommunen vart utbetalt i meldingsåret. Opningsmarkering vart planlagt til den 20. november, men vart avvyst grunna regionale smitteverntiltak. Til saman 9 utbetringar vart gjennomført i kommunal regi.

Beredskap

Kriseplanen vart revidert den 16.09.2020, og den vart og gjort tilgjengeleg på heimesida i ein offentlig versjon.

Kyrkja


Under det som vert definert som rammeområde kyrkje vart det i 2020 budsjettert med 3,5 mill. kr., justert opp med 50.000 i samband med tilskot orgel, og rekneskapan viser samla kostnad på nær 3,7 mill.kr., samt avsetjing av kr. 50.000 jf. løyving orgel Frøyset kyrkje. Masfjorden kommune yter driftstilskot til Masfjorden kyrkjelege fellesråd/sokn (MKF), fordelt med kr. 2 211 267 inkl. midlar til delfinansiering av prestestilling, samt rente- og avdragskompensasjon, og tenesteytingsavtale mellom MKF og kommunen som utgjør samla om lag 857.000.

Vidare yter kommunen driftstilskot til kyrkjegardar. Dette utgjorde i 2020 kr. 510.000,-.

Utover det som tradisjonelt vert definert som kyrkje, har ein på dette rammeområdet

og kostnader/tilskot til andre religiøse trussamfunn. Denne delen utgjorde kr 110.732 i 2020.

KOSTRA oversynet viser at Masfjorden kommune brukar mykje pr. innbyggjar på kyrkja samanlikna med gjennomsnittet for nabo-kommunar og landet elles.



Brutto driftsutgifter til kyrkjer pr. innbyggjar

GMBR

Gulen og Masfjorden Brann og redning

«Ingen veit kva som ventar bak neste sving» heiter det, og det kan ein definitivt seia om året 2020. Beredskap handlar også om å vera budd på handtera den utfordringa ein ikkje var budd på. God beredskap handlar om å raskt kunne rigga seg for å handtera det som kjem.

I Gulen og Masfjorden har ein kultur for å ta eit tak når behovet melder seg. Uavhengig av om oppdraget kan vere i grenseland for kva som normalt ligg innanfor brannvesenet sitt ansvarsområde. Når ein ligg ruralt til, slik som me gjer, er det ein styrke at det ikkje er så klare grenser mellom etatane. Skal ein løyse oppdraget er me avhengige av å samle og samordne dei ressursane me har uavhengig av om dei kjem frå oppvekst, helse eller brann og redning. Det vart ein stor diskusjon i deler av landet når pandemien kom og nokon av brann- og redningsvesena på det sentrale austlandet vart utfordra på å hjelpa helse. Redaktøren i tidsskriftet «Brannmannen». Lars Brenden, skreiv i sin leiar at, sitat: «Nå er det tid for å se samfunnsoppdraget vårt», sitat slutt. Her kjenner me oss heime. GMBR har ingen avgrensa rammer for kva oppdrag me rykker ut på. Når nokon treng hjelp kler me på oss og bidreg. Me er kommunen sin beredskapstropp.

Oppdrag

Sjølv om oppdraga i 2020 har vore færre enn tidlegare år, har også i år storparten handla om akutthjelparoppdrag. Ein liten auke i trafikkulukker og hendingar relatert til person i vatn. Men som statistikken viser er brannvesenet involvert i dei fleste uønska hendingar som skjer i vårt distrikt.

Type hending	2019	2020	Endring
Akutthjelparoppdrag	69	37	- 31
Traffikkulukke	9	10	+ 1
Brann	11	7	- 4
Bistand politi	2	1	- 1
Naturhendingar	2	1	- 1
Akutt forureining	1	1	
RVR	0	0	
Person i vatn	0	1	+ 1



Delar av GMBR syng «Ja vi elsker» på kabelferga «KF Fjon-M» 17. mai 2020

Øving og opplæring

Det har vore store utfordringar knytt til tradisjonell øving i 2020. Restriksjonar knytt til smittespreiing har medført at øving har vore sær avgrensa. Noko har ein fått gjennomført på ulike elektroniske plattformer, men dette er avgrensa.

Berivest AS - Beredskapssenteret i Gulen Industrihamn

Det pågår eit arbeid med etablering av øving- og opplæringsssenteret i Sløvåg. Dette er eit sentralt ledd i oppdraget med å lukke avvika på kompetanse i eigne rekker. Vonaleg vert dette anlegget ferdigstilt med det fyrste, slik at me kan starte eit systematisk arbeid med å lukke avvika, men også å få ein lokal arena for øving og samtrening mellom naudetatane og andre samarbeidspartnarar over tid, utan at vårt mannskap må reise store avtstander.



Røykdykkerhuset er langt på veg ferdigstilt

Akutthjelpartenesta

Akutthjelpartenesta er framleis den største delen av tenestetilbodet som GMBR rykkjer ut på. I januar hadde me besøk frå Stiftelsen Norsk Luftambulans (SNLA) som gjennomførte opplæring og utsjekk av nytt personell, samt retrening med mannskap som har gjennomført grunnopplæring tidlegare. I dag har me utsjekk på størstedelen av mannskapa og 9 køyretøy som alle har hjartestartar og anna utstyr knytt til akutthjelparoppdrag. Desse er fordelt rundt omkring i distriktet. Når ein berre har ein ambulans i distriktet, er det lett å forstå at det ved dei fleste helseoppdrag er brann- og redningstenesta som fyrst er framme hjå pasienten.

Oppgradering av brannstasjonar i forhold til arbeidstilsynet sine krav.

Det har gjennom ei årrekke pågått eit prosjekt der arbeidstilsynet ser på brann og redningstenesta sine fasilitetar og rutiner knytt til handtering av mannskapa sine fysiske arbeidsforhold. Arbeid i røyk og med ulike kjende eller ukjende kjemikalier, set krav til at me har eit system for sanering av mannskap og materiell når desse har vore eksponert.

Ved Matre og Sandnes stasjonar er det etablert fasilitetar som er innanfor kravet og ved Duesund stasjon har ein etablert eit saneringsanlegg som, i tillegg til brann- og redningstenesta, dekkjer eit generelt behov i kommunen om nokon andre etatar får eit akutt saneringsbehov.

KOMMUNESTYRET I MASFJORDEN 2019 - 2023

Formannskapet 2019 - 2023:

Karstein Totland, ordfører - H
Torill Torsvik Størkersen,
varaordfører - Ap
Erlend Kvamsdal - H
Siri Tangedal Kratzmeier - Krf
Geir Egil Haugsvær - Sp



Høgre:
 Ordfører
 Karstein Totland
 5981 MASFJORDNES
 Tlf. 56 16 62 20
 Mobil 977 33 819

karstein.totland@masfjorden.kommune.no



Arbeidarpartiet:
 Varaordfører
 Torill Torsvik Størkersen
 5986 HOSTELAND

Mobil 480 33 312

torill.torsvik.storkersen@masfjorden.kommune.no



Høgre:
 Bjarte Andvik
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 407 51 071

bjarteandvik@msn.com



Høgre:
 Kariann Ekren
 5981 MASFJORDNES
 Mobil

kariann_ekrem@hotmail.com



Høgre:
 Arne Hindenes
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 934 38 490

arne.hindenes@hujas.no



Høgre:
 Erlend Kvamsdal
 5986 HOSTELAND
 Mobil 901 09 775

erlekvam@online.no



Høgre:
 Frode Langhelle
 5984 MATREDAL
 Mobil 918 21 297

frode.langhelle@bkk.no



Høgre:
 Atle Nordland
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 900 26 582

atle.nordland@hotmail.com



Arbeidarpartiet:
 Hildegunn Bjånes
 5984 MATREDAL
 Mobil 971 76 550

hildegunn.bjanas@masfjorden.kommune.no



Arbeidarpartiet:
 Britt Inger Myhr
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 412 91 206

britt.inger.myhr@masfjorden.kommune.no



Arbeidarpartiet:
 Ragnvald Tangedal
 5986 HOSTELAND
 Mobil 915 92 308

ragnvald.tangedal@bakerhughes.com



Senterpartiet:
 Wenche Daa
 5986 HOSTELAND
 Mobil 957 65 375

wenchedaa@yahoo.no



Senterpartiet:
 Laila Furebotn
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 415 03 279

furebotn@hotmail.com



Senterpartiet:
 Geir Egil Haugsvær
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 413 29 183

gehaugsver@gmail.com



Senterpartiet:
 Silje Vågseth Kjetland
 5984 MATREDAL
 Mobil 905 44 667

stsilje@hotmail.com



Framstegspartiet:
 Jostein Kvamme
 Duesund
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 976 63 286

josduesund@gmail.com



Kristeleg folkeparti:
 Siri Tangedal Kratzmeier
 5986 HOSTELAND
 Mobil 466 64 336

siri.kratzmeier@masfjorden.kommune.no



MASFJORDEN KOMMUNE

Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES

TLF. 56 16 62 00 FAX 56 16 62 01

E-post: post@masfjorden.kommune.no

www.masfjorden.kommune.no

**Hovudansvarleg for innhaldet i årsmeldinga: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Utforming: Mary Hope**